



SAMANDRAG  
*«Barn og  
unge som  
treng det,  
skal få  
rett hjelp,  
til rett  
tid.»*

# OPPVEKSTREFORM

Fitjar kommune

# Forord

Stortinget har vedteke ny lov om barnevern som er gjeldande frå 2023. Nokre av endringane i ny lov vart gjeldande med verknad frå 01.07.2022.

Barnevernsreforma vert omtalt som oppvekstreform i Fitjar kommune sin plan for det førebyggjande arbeidet.

Lova gjev tydelege føringar og ei klår forventning til at kommunane skal ha eit meir heilskapleg og inkluderande tilbod til barn, unge og deira familie i eigen kommune. Det føl av § 3-1 i lov om barnevern at kommunestyret skal vedta ein heilskapleg plan for kommunen sitt arbeid med å førebyggje omsorgssvikt og åtferdsvanskar.

Med dette flyttar lova ansvar frå stat til kommune, der kommunane får eit større ansvar for å yte hjelp til utsette barn fagleg. Bakgrunnen for å flytte meir ansvar til kommunane på barnevernsområdet, er kommunen sin nærleik til familieane, og innsikt i barn, unge og foreldra sitt behov. Kommunen får og det fulle økonomiske ansvaret for fosterheimar, beredskapsheimar og institusjonsplassar. For dei statlege fosterheimane og beredskapsheimane vil det vera ei vesentleg auke frå tidlegare.

Kommunedirektøren vil understreke viktigheita av at kommunen no arbeidar målretta med å få på plass ein treffsikker og heilskapleg plan for det førebyggjande arbeidet. Endringsarbeidet som reforma krev må i hovudsak skje i dei ordinære tenestene, i samarbeid med barnevernet. Endringa i kostnadsnivået knytt til barnevernstiltak krev ei meir målretta tilnærming til dei førebyggjande tenestene.

Planen har som mål å få på plass «smarte» verktøy for å sikre systematisk innsats for heilskaplege tenester for barn, unge og deira familiar. I planen skal det komme fram korleis kommunen vil arbeida med overordna målsetjing og strategiar for det heilhetlege tenestetilbodet, korleis ansvaret skal fordelast mellom etatane og korleis oppgåveløysinga skal organiserast og korleis ulike etatar skal samarbeide.

For å innfri dei nye krava i oppvekstreforma og stortingsmeldingane har etatane for oppvekst- og kultur og helse- og omsorg sett ned ei overordna arbeidsgruppe som har arbeida fram ein heilskapleg plan for førebyggjande tenester i Fitjar kommune. I denne gruppa sit administrasjonen frå oppvekst- og helsesektoren. Vidare er det oppretta ei styringsgruppe og ei tverrfagleg arbeidsgruppe for å kartleggje behov, samhandling og organisering i høve til det førebyggjande arbeidet.

## Prosjektorganisering

**Oppdragsgjevar:** Kommunestyret

**Prosjekteigar:** John Karsten Raunholm og Anne Økland

**Prosjektleder:** Mone Nilsen

**Overordna arbeidsgruppe:** Anne Økland (etatssjef for helse og omsorg), John Karsten Raunholm (etatssjef for oppvekst og kultur), Mone Nilsen (rådgjevar oppvekst), Jørund Tvedt (leiar Sunnhordland interkommunale barnevern), Linn Therese Olausen (leiar helsejukepleiar).

**Arbeidsutval:** Mone Nilsen (rådgjevar oppvekst), Cathrine Aasheim (kreftkoordinator/avdelingsjukepleiar), Magnhild Grov (leiar NAV), Brit Lindeflaten Dahl (Rettleiar NAV ungdom), Rakel Bjånesøy (psykiatrisk sjukepleiar), Trude Mathiesen (skuleleiar Rimbareid), Lise

Klementsens Grundvold (SFO leiar), Aud Jorunn Vedøy (styrar Fitjarstølane), Mari Gregersen Rosseland (helsesjukepleiar), Torill Dahle (fysioterapeut), Malene Rosland Eldøy (barnevernkonulent), Linda Skjærvold (helsesjukepleiar), Anders Sætre (SLT koordinator), Sigrid Fangel (koordinerande eining).

### Kapittelinndeling

Planen har 14 kapittel som fordeler seg på lovverk, kunnskap og forskning om utsette barn og unge, førebyggjande innsats og tiltak og samhandling.

**Kapittel 2 – 5** gjer innblikk i folkehelse, oppvekstreforma, kva for styrande dokument arbeidet har hatt frå internasjonale føringar som FNs berekraftsmål og barnevernkonvensjonen, til nasjonale føringar som lov om barnevern og likeverdsreforma til lokale planverk i kommuneplanen sin samfunnsdel.

**Kapittel 6** seier litt om leing og organisering i Fitjar kommune.

**Kapittel 7 – 9** gjer informasjon om levekårsutfordringar, tidleg innsats og førebyggjande arbeid, og kvifor dette er eit viktig satsingsområde og konsekvensar av å ikkje gje god hjelp og støtte tidleg i barn og unge sine liv.

**Kapittel 10** er ei oppsummering av medverknadsprosessen prosjektet hadde i ein tidleg fase og som har vore utgangspunkt for arbeidet med tiltak i vår kommune.

**Kapittel 11 – 14** synar kva tiltak og organisering prosjektet har komme fram til. Kva dei ulike tenestene skal bidra med i forhold til samarbeid og samhandling, samt informasjon om lovverk for samhandling og samarbeid.

**Kapittel 15** er ei kort oppsummering av prosessen og tiltaka som har vore utarbeidd.

Foto framside: Rimbareid ungdomsskule - i samband med eit samhandlingsprosjekt.




Foto: Bakken barnehage

# 1 INNHALD

---

2	Innleiing.....	5
3	Folkehelse .....	6
4	Barnevernreform – ei oppvekstreform .....	7
5	Styrande dokument.....	8
5.1	FNs berekraftmål .....	8
5.2	FNs Barnekonvensjon art. 3.....	8
5.3	Lov om barnevern.....	8
5.3.1	§ 1-1. Lovens formål .....	9
5.3.2	§ 15-1.Kommunens ansvar for å forebygge omsorgssvikt.....	9
5.3.3	§ 15-2.Kommunens overordnede ansvar for barnevernstjenesten .....	9
5.3.4	Delegering av avgjerdsrett i barnevernssaker .....	9
5.4	Likeverdsreforma.....	10
5.5	Kommuneplanen sin samfunnsdel .....	10
6	Leiing og organisering .....	11
7	Levekårsutfordring .....	12
8	Tidleg innsats .....	13
9	Førebygging – eit økonomisk perspektiv.....	14
9.1	Barn og fattigdom.....	15
9.2	Samfunnsøkonomiske konsekvensar av omsorgssvikt og vald mot barn.....	16
10	Medverknadsprosess.....	18
10.1	Barn og unge 13 – 19 år.....	18
10.1.1	Oppsummering .....	19
10.2	Føresette .....	20
10.2.1	Oppsummering .....	21
10.3	Tilsette .....	22
10.3.1	Oppsummering .....	23
11	Førebyggjande tiltak og kompetanse .....	24
11.1	Kompetansehevingsbehov .....	24
11.2	BTI – betre tverrfagleg innsats .....	25
11.3	Circle of security Parenting (COS-P).....	26
11.4	De Utrolige Årene (DUÅ) .....	26
11.4.1	DUÅs skule- og barnehageprogram .....	26

11.4.2	DUÅs Dinosaurskule i klasserom, SFO og barnehage .....	26
12	Førebygging .....	27
12.1	Universelle hjelpetiltak .....	27
12.1.1	Tiltak .....	28
12.2	Selektive hjelpetiltak .....	30
12.3	Indikerte / behandlingstiltak .....	32
13	Samarbeid og samhandling .....	34
13.1	Barnehage og helsestasjonstenesta .....	34
	Barnehagelova § 2 b.Samarbeid og samordning.....	34
13.2	Barnehage og skule .....	34
13.3	Skule, sfo og ppt .....	35
13.4	Skule, SFO og helsestasjonstenesta .....	35
13.5	Koordinerende eining .....	35
13.6	Førebyggjande barnevern .....	36
14	Tiltak for samhandling og samarbeid .....	37
15	Oppsummering.....	39
1.	Helsestasjonstenesta .....	42

### **Vedlegg til planen**

Prosjektplan .....	40
Tenestekomtale.....	42
Prosjektsøknad – foreldrestøtte 0 – 16år.....	51
Prosjektsøknad – Prosjektplan for førebyggjande innsats Fitjar kommune.....	58

### **Eksternt vedlegg:**

#### Medverknadsundersøking – tilbakemelding

- Tilbakemelding ungdomsskulen
- Tilbakemelding vidaregåande skule
- Tilbakemelding føresette
- Tilbakemelding tilsette oppvekst

## 2 INNLEIING

Gjennom lov om barnevern sin formålsparagraf har kommunen fått eit klårt mandat til å sikre at dei mest sårbare barna får den hjelpa dei treng, når dei treng det, og fortrinnsvis i sitt nærmiljø. For å lykkast med dette må kommunen rette merksemd mot dei arenaene der barnet oppheld seg.

Kommunen må skape ein kultur der alle som er i posisjon til å oppdage eit byrjande problem hjå eit barn eller ein familie, forstår sitt ansvarsområde for å «sjå» barnet, for så å gjere noko med uroa. I slike høve må alle vera klar over kva dei skal gjere, kva som er deira ansvar og kven dei kan samarbeide med. Reforma flyttar ansvar frå stat til kommune og gir kommunane eit større fagleg ansvar for å yte hjelp til utsette barn.

Kommunen har ansvar for at alle barn og unge får eit godt og inkluderande barnehage og skuletilbod. I tillegg har kommunen ansvar for andre tenester, som SFO, kulturskule, PP-teneste, sosialteneste, barnevern, helsestasjon, skulehelseteneste og andre helsetenester til barn, unge og deira familie. I planarbeidet med å få på plass ein heilskapleg plan for førebyggjande tenester vil kommunen sjå dei ulike tenestene i samanheng for å utvikla eit godt og inkluderande oppvekstmiljø og sikre gode «lag» kring barn, unge og familiane deira.

### Arbeidet med å samordna plan har hatt som mål:

- Å bidra til inkluderande fellesskap, tidleg innsats, førebygging og tverrfagleg innsats.
- At den hjelpa den enkelte får kjem tidleg nok og er tilpassa dei behova vedkomande har.
- Å sikra at laget kring barn, unge og føresette har tilstrekkeleg samla kompetanse/ kapasitet slik at den enkelte får tilpassa hjelp tidleg nok.
- Å sikra at tilsette i laget rundt barnet/ ungdommen er trygge vaksne som tek ansvar, veit kor dei kan venda seg og kva dei skal gjera når dei har uro for eit barn og/ eller når dei treng hjelp og støtte.
- Å bidra til meir effektiv løysing av oppgåver og bruk av resursar.

I planarbeidet har Fitjar kommune hatt ein brei medverknadsprosess gjennom heile arbeidsprosessen med dei ulike einingane på tvers av etatane mellom helse og oppvekst. Ein har kartlagt dei tilsette sin kompetanse og andre ressursar som ein har tilgjengeleg for å sjå ein samanheng, og ein har vurdert korleis dette kan bidra til å styrkje det førebyggjande arbeidet. Dette gjeld både i den enkelte eining, men og på tvers av desse og i samarbeid med andre helse tenester.



Foto: Dåfjorden barnehage

### 3 FOLKEHELSE

Folkehelsearbeid med styrking av sosialt berekraftige samfunn er ein viktig del av berekraftmålet og regjeringa sine mål. Det er samfunn kjenneteikna av tillit, tryggleik, deltaking og tilhøyr, likeverdig tilgang til velferds- og helsetenester, tilgang til arbeid, utdanning og gode oppvekstforhold og nærmiljø. Vestland fylkeskommune har våren 2022 vedteke nytt handlingsprogram for å betre folkehelse dei neste fire åra. Det er valt ut fem innsatsområde som skal styrkast framover:

1. Kunnskapsbasert folkehelsearbeid
2. Sosial ulikskap i helse
3. Gode, trygge og deltakande nærmiljø/lokalsamfunn
4. Dei demografiske endringane i Vestland og ei aldrande befolkning
5. Barn og unge – livskvalitet og psykisk helse

Kommuneplanen sin samfunnsdel har som mål å ha eit kommunesenter med busetting, aktivitet og attraktivitet. Utvikling av sentrum skal skapa sosiale møtestader og ha infrastruktur som knyt bygder og sentrum tettare saman. Kommunen ynskjer å legge opp til at både barn, unge, vaksne og eldre kan vera aktive, og ha møteplassar og aktivitetsområde som stettar dette. Uformelle samlingsstader for alle aldersgrupper er eit viktig bidrag for god helse, trivsel og gode oppvekstvilkår, dette i tillegg til organiserte aktivitetar som kultur- og idrettsaktivitetar. Turløyper og aktivitetstilbod som terrengsykkel-løype, skate-park og treningsapparat bidreg til at både innbyggjarar og turistar får varierte og gode opplevingar. Kvaliteten på tilboda må vera så god at det blir attraktivt å nytta dei.

Folkehelse er relevant for alle sektorar i samfunnet. Kommunen ynskjer å skapa eit samfunn som fremmar livskvalitet, noko som i seg sjølv fremmar helse, sunne levevanar og styrkar motstandskrafta i møte med ulike belastningar.



Foto: Selevik skule

## 4 BARNEVERNREFORM – EI OPPVEKSTREFORM

---

Barnevernreformen regulerer først og fremst barnevernet. Måla i reformen vert likevel berre nådd gjennom endringar i heile kommunesektoren, og då særleg i oppvekstsektoren. Kommunane lyt legge til rette for tverrfagleg samhandling mellom ulike kommunale tenester og nivå. Målretta, førebyggjande tiltak og tidleg innsats frå alle tenester med ansvar for barn i kommunen vil vera avgjerande for at reformen skal bli vellykka. Kommunen har ansvar for at alle barn og unge får eit godt og inkluderande barnehage og skuletilbod. I tillegg har kommunen ansvar for andre tenester, som SFO, kulturskule, PP-teneste, sosialteneste, barnevern, helsestasjon, skulehelseteneste og andre helsetenester til barn, unge og deira familie.

Som følge av oppvekstreformen kom det og endringar i 14 velferdstenestelover. Endringane skal styrke oppfølging av utsette barn og deira familie gjennom at det stiller krav til auka samarbeid mellom velferdstenestene. Det kjem fram i dei ulike lovene at tenestene skal samarbeide med offentlege instansar og andre tenesteytarar dersom samarbeid er nødvendig for å gje barn, ungdom eller deira familie eit heilskapleg og samordna tenestetilbod. Dette vert no tydelegare inn mot til dømes opplæringslova og barnehagelova.



Foto: Fitjarstølane  
barnehage

## 5 STYRANDE DOKUMENT

### 5.1 FNS BEREKRAFTMÅL



I denne planen vert det mest fokus på desse berekraftsmåla:

- 1 – Utrydde fattigdom
- 3 – God helse
- 4 – God utdanning
- 17 – Samarbeid for å nå måla

### 5.2 FNS BARNEKONVENSJON ART. 3

*Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.*

*Vaksne skal gjere det som er best for barn.*

Når vaksne skal bestemme noko som har med barn og unge å gjere skal dei tenke på kva som er til det beste for barnet. Dette gjeld også når vaksne bestemmer noko som gjeld for alle barn i Noreg, eller ei gruppe barn, t.d. i kommunen.

Barnets beste skal vere ei sentral vurdering i alle sakar som omhandlar barn i Fitjar kommune, og det skal leggstil rette for god samhandling og samarbeid på tvers av kommunale og interkommunale tenestetilbod.

### 5.3 LOV OM BARNEVERN

Det vert ei endring i føringane om kommunen sine oppgåver (§§ 15-1 – 15-2). Det vil ikkje lengre følgje av lova at det er barnevernsløiar som har ansvaret for oppgåver etter denne lov. Hovudformålet med endringa er å understreke og styrke kommuneleiinga sitt ansvar for den overordna styringa av barnevernstenesta. Vidare vert det presisert at barnevernstenesta sitt ansvar er å gje hjelp, omsorg og beskyttelse når det er nødvendig på grunn av barnet sin omsorgssituasjon eller åtferd (§ 15-3).

### 5.3.1 § 1-1. Lovens formål

*«Loven skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Loven skal bidra til at barn og unge møtes med trygghet, kjærlighet og forståelse.*

*Loven skal bidra til at barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår»*

### 5.3.2 § 15-1. Kommunens ansvar for å forebygge omsorgssvikt

*«Kommunen skal fremme gode oppvekstvilkår gjennom tiltak for å forebygge at barn og unge utsettes for omsorgssvikt eller utvikler atferdsproblemer. Kommunen skal sørge for å samordne sitt tjenestetilbud til barn og familier.*

*Kommunestyret selv skal vedta en plan for kommunens forebyggende arbeid etter første ledd. Planen skal beskrive hva som er målene for arbeidet, hvordan arbeidet skal organiseres og fordeles mellom etatene i kommunen, og hvordan etatene skal samarbeide.»*

### 5.3.3 § 15-2. Kommunens overordnede ansvar for barnevernstjenesten

*«Kommunen har ansvar for å utføre de oppgavene i denne loven som ikke er lagt til et statlig organ.*

*Kommunen skal sørge for nødvendig opplæring og veiledning av barnevernstjenestens personell. Personellet har plikt til å delta i den opplæringen og veiledningen som blir bestemt. Departementet kan gi forskrift om opplæring.*

*Kommunen skal tilby veiledet praksis i barnevernstjenesten når en utdanningsinstitusjon ber om det. Kommunen skal samarbeide med utdanningsinstitusjonen om gjennomføring av veiledet praksis.*

*Kommunen skal ha internkontroll etter reglene i kommuneloven § 25-1.»*

### 5.3.4 Delegering av avgjerdsrett i barnevernssaker

Kommunestyret delegerer avgjerdsrett i einskildsaker etter lova til kommunedirektøren. Etter avtale med Stord kommune om vertskommunesamarbeid skal kommunedirektøren videredelegera fullmakta til rådmann i Stord kommune (kommunelova § 28 1b tredje ledd). Fitjar kommune er ein del av Sunnhordaland Interkommunale Barnevern i samarbeid med Bømlo og Stord, der Stord er vertskommune.

## 5.4 LIKEVERDSREFORMA

For å gjere livet enklare for familiar som har eller som ventar barn med behov for samansette tenester har regjeringa lagt til rette for ein ny reform, Likeverdsreforma.

Målet med likeverdsreforma er at barn og familiar som har behov for samansette tenester, skal:

- få samanhengande og gode tenester
- vere sjef i eget liv
- ha ein meningsfull kvardag
- oppleve ivaretaking og inkludering som pårørande

Med likeverdsreforma kjem lovfesta rett om ein barnekoordinator.

### Pasient og brukerrettigheter - § 2-5 c Rett til barnekoordinator

*«Familiar som har eller venter barn med alvorlig sykdom, skade eller nedsatt funksjonsevne, og som vil ha behov for langvarige og sammensatte eller koordinerte helse- og omsorgstjenester og andre velferdstjenester, har rett til barnekoordinator i samsvar med helse- og omsorgstjenesteloven § 7-2 a.»*

### Kommunale helse og omsorgstenester - § 7-2 a Barnekoordinator

*«For familiar som har eller venter barn med alvorlig sykdom, skade eller nedsatt funksjonsevne, og som vil ha behov for langvarige og sammensatte eller koordinerte helse- og omsorgstjenester og andre velferdstjenester, skal kommunen oppnevne en barnekoordinator dersom føresetene eller den som samtykker på vegne av barnet, ønsker dette.»*

## 5.5 KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL

Fitjar kommune vil jobba tverrfagleg med tidleg innsats i alle aldersgrupper, og utvikle verknadsfulle arbeidsmetodar slik at kommunale tenester bidreg til å utjamna sosiale skilnader og uønska ulikskap i befolkninga. Kvalitet skal prege alle tenester og slik:

- Sikre barn og unge kompetanse for framtida
- Nytte barn og unge sine eigne ressursar gjennom medverknad
- Gje barn og unge oppleving av fellesskap og å høyre til
- Arbeide systematisk for å gje alle like moglegheiter
- Sikre tidleg og tverrfagleg innsats og sikre gode helsetilbod som er retta direkte mot barn og unge

## 6 LEIING OG ORGANISERING

For å kunne yte gode førebyggjande tenester til barn og unge og deira familie stiller det krav til god leiing på tvers av einingane, frå kommunestyret og kommunedirektør til etatsjef og leiarane i utøvande einingar. Det å balansera nasjonale krav og tilrådingar i lokale avgjerder krev innsikt og forståing inn mot politiske prosessar. Leiarane har samstundes eit fagleg fokus, og det er krav om kunnskap til tenestene sitt innhald og barn og familiane sine behov.

For å gjera seg nytte av ressursar i kommande planperiode må leiinga i kommunen og etaten vera av ein slik art at drifta blir sett på som ein heilheit, på tvers av einingar og sektorar. Ved å ha fokus på systematisk kvalitetsforbetring i kommunen der ein set opp mål og ønska resultat kan ein planlegge, gjennomføre, evaluere og implementere eller korrigere tiltak som gjev ønska måloppnåing og dermed få ei god utvikling av tenestene.

Alle leiarar i Fitjar kommune har delteke på eit leiarutviklingsprogram. Fokus for dette tiltaket var å styrke leiarane i kommunen på område som drift, utvikling, personalansvar og økonomi. Leiarsamlinga munna ut i ei leiarplattform i Fitjar kommune, «Saman for utvikling».

### Leiarplattform Fitjar kommune

# Saman for utvikling

#### Visjon for vårt leiarskap

#### Verdiar

#### Kjenneteikn på god praksis

#### Som leiar i Fitjar kommune skal eg vera tydeleg, inkluderande og løysingsorientert

#### Tydeleg

- Har ein tydeleg retning som er forankra i organisasjonen
- Formulerer mål
- Er ein god rollemodell
- Stiller tydelege forventningar
- Gjev ros og konstruktive tilbakemeldingar
- Er til stades fysisk
- Tek avgjerdsler
- Er i forkant
- Er forutsigbar

#### Inkluderande

- Inviterer til medverknad/mentimeter
- Brukar IGP\* i felles møter
- Viser tydeleg interesse for innspel
- Er god til å kommunisera
- Har ei open dør for alle
- Viser respekt
- Gjev tilsette tillit
- Gjev tilsette ansvar
- Spelar «alle i laget» gode
- Legg til rette for opplæring

#### Løysingsorientert

- Har eit overordna blick
- Ser utfordringar og ikkje problema
- Er kreativ og proaktiv
- Planlegg prosessar
- Brukar eit løysingsfokusert språk
- Verdset mangfaldet
- Anerkjenner innspel
- Reflekterer og lyttar i lag
- Går for kompromiss og er fleksibel
- Brukar ulik kompetanse
- Legg vekt på eigarskap og godt samarbeid



\*Individuell Gruppe Plenum

## 7 LEVEKÅRSUTFORDRING

Leverkårsutfordringar er ikkje berre dårleg økonomi. Levekårsutfordringar vert i [NOU 2020:16 \*Leverkår i byer – Gode lokalsamfunn for alle\*](#), omtala som dårleg økonomi, sosiale forhold som f.eks lav utdanning, helseplagar, rus, psykiske plagar og lidingar, manglande nettverk, dårlege norskkunnskapar, svak boevne osv.

*Familien, og særlig føresettene, er de viktigste omsorgsgiverne i et barns liv. Familiene er de beste til å ivareta følelsesmessige behov samt utvikle barn og unges ferdigheter i å bygge relasjoner. Føresettene spiller en særegen rolle i barnas liv. Det er deres ansvar å skape en trygg ramme for barnas oppvekst. Trygge føresette gir trygge barn og skaper tilhørighet.*


NOU 2020:16 s. 84

Fattigdom er ein av dei største risikofaktorane vi har for psykiske helseplagar. Sannsyn for å utvikle angst, depresjon og åtferdsvanskar er seks gonger høgare enn hos barn som veks opp i utsette økonomiske forhold enn for andre barn ([VFB](#)). Denne risikofaktoren kan få konsekvensar for språkutvikling, skulegong og utdanning, helse og korleis livet vert som vaksen.

Det betyr at å vekse opp med dårleg familieøkonomi kan ha konsekvensar her og no, men også for barnet sine moglegheiter seinare i livet.

Voksne for barn (VFB) har i [ein rapport om utanforskap hos barn og unge som har vokst opp i fattigdom](#) komme fram til følgjande hovudfunn:

- 4 av 5 meiner dei hadde ein dårleg oppvekst
- Dårlig økonomi over tid gjer det vanskeleg å komme seg i aktivitet
- Ungdom som veks opp i familiar med låg inntekt manglar ofte sosialt nettverk, spesielt på skulen. Dette vert opplevd som vel så vanskeleg som manglande bursdagsinvitasjonar, feriar og fritidstilbod.
- Under halvparten oppgjer at dei har hatt ein oppvekst prega av normalitet
- Mange har så negative kjensler kring pengar og økonomi at det går ut over den psykiske helsa ved overgangen til vaksenlivet



**1/3**

av ungdommene som står utenfor skole og arbeidsliv har vokst opp i en familie med lav inntekt

[Voksne for barn](#), rapport s. 12

## 8 TIDLEG INNSATS


Barn og unge kan av ulike grunnar ha behov for ekstra støtte og oppfølging i kortare eller lengre periodar. Det kan være utfordringar i barnehage- og skulemiljø, barn og unge som har problem på grunn av dårleg fysisk eller psykisk helse, lærevanskar eller språkutfordringar. Barn og unge kan ha ein vanskeleg livssituasjon grunna av utfordringar i familien som fattigdom, vanskeleg bu situasjon, helseproblem, rus, vald eller omsorgssvikt. Dette er utfordringar som kommunalt tilsette kan møte i sitt arbeid. For å møte barn, unge og deira familie i slike sårbare situasjonar, krev det at ein har eit tiltaksapparat og at ein har rutinar for samhandling på tvers av fag og etatar, samt at tilsette veit kven dei kan samarbeide med.

Tidleg innsats handlar om å gje hjelp så tidleg som mogleg i menneske sine liv. Det vil seie både i tidleg alder, men også tidleg i eit løp. Med tidleg innsats kan me unngå at vanskar blir unødvendig store og at det oppstår tilleggsvanskar.

Med tidleg innsats kan me førebyggje:

- Skeiv utvikling
- Sosiale vanskar
- Lærevanskar
- Fråfall i skulen
- Å hamne utanfor arbeidslivet

Kommunen må skape ein kultur der alle som er i posisjon til å oppdage eit byrjande problem hjå eit barn eller ein familie, forstår sitt ansvarsområde for å «sjå» barnet, for så å gjere noko med bekymringa. I slike høve må alle vera klar over kva dei skal gjere, kva som er deira ansvar og kven dei kan samarbeide med.




– MAMMA OG PAPPA SA ALLTID «VI HAR SÅ DÅRLIG RÅD, VI HAR SÅ DÅRLIG RÅD». DE BURDE GITT MER HÅP. JEG HAR TENKT MYE PÅ DET OG VIL IKKE SI DET PÅ DEN MÅTEN TIL EGNE BARN. JEG VILLE HELLER SAGT AT DET FÅR VI SPARE TIL, I STEDET FOR Å KNUSE DRØMMEN TIL BARNET.

## 9 FØREBYGGING – EIT ØKONOMISK PERSPEKTIV

Verdien av tidleg innsats med hjelpetiltak er anslått til å vere betydeleg større enn kostnadane, og hjelpetiltaksregimet vurderast difor å vere samfunnsøkonomisk lønnsamt. Vinstane av gode oppvekstvilkår kan rettferdiggjere ressursbruken ([www.forebygging.no](http://www.forebygging.no)).

Førebygging er eit av dei viktigaste verkemidla ein har i høve god kommuneøkonomi. Førebygging i tidleg alder synar at universelle lågterskel tiltak har større førebyggjande effekt, enn individretta tiltak i eldre alder. Når åtferd og omsorgssvikt har fått etablert seg hos barn og unge tek dei dette med seg inn i vaksenlivet, og dei individretta tiltaka vert meir kostbare og ikkje alltid like effektive som dei universelle lågterskel tiltaka ein kan setje i verk med tidleg innsats.

Økonom James Heckman har illustrert dette gjennom modellen «Verdien av å investere i tiltak».



Modellen synar at tidleg innsats gjer meir tilbake i form av effekt og økonomi, enn tiltak etter at utfordringane er større og tiltaka meir individretta. Difor er det viktig at Fitjar kommune tenkjer universelle lågterskel tiltak som sin beste strategi i det førebyggjande arbeidet.


## 9.1 BARN OG FATTIGDOM

Vaksne for barn har utarbeidd ein rapport om [utanforskap hos barn og unge som har vokst opp i fattigdom](#). Her er det gjort funn på trekk hos barn og unge som står i utanforskap:

- Kjenner seg i stor grad annleis enn jamaldrande
- Manglar nære relasjonar – stor kjensle av einsemd
- Blir sjølv merksam over familien sin økonomiske situasjon i 10-12 års alderen
- Har lågare livskvalitet enn andre unge i utanforskap
- Manglar framtidstru
- Har psykiske helseutfordringar
- Er i liten grad nøgd med livet i dag


Barn og unge sine oppvekstkår er viktige indikatorar på korleis dei får det i utdanningsløpet og vidare inn i arbeidslivet. VFB sin rapport synar at barn som veks opp i familiar med låg inntekt har større risiko for å sjølv hamne i arbeidsløyse, ustabile familieforhold, psykisk sjukdom, rusavhengigheit og vald enn dei som ikkje har dei same utfordringane tidleg i livet.

Med bakgrunn i dette vert tiltaka i planen for Fitjar kommune fokusert på førstelinjetenesta, og deira kompetanse til å jobbe førebyggjande, avdekka og setje inn rett tiltak i samhandling mellom dei ulike instansane for barn og unge.



[Voksne for barn](#), rapport s. 13

HVILKE AV DE FØLGENDE HAR DIN FAMILIES LIVSSITUASJON VÆRT PREGET AV?




[Voksne for barn](#), rapport s. 26

## 9.2 SAMFUNNSØKONOMISKE KONSEKVENSNAR AV OMSORGSSVIKT OG VALD MOT BARN

I 2017 kom det ein rapport som tok for seg dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av omsorgssvikt og vald mot barn og unge. I rapporten kjem det fram at mange barn lever i ein uansvarleg omsorgssituasjon over lengre tid, opptil fleire år, før dei vert fanga opp (s. 40). Rapporten er tydeleg på at dei som vert fanga opp burde vore fanga opp minimum eit år før dei blei det. Dei fleste har vore utsett for vald eller omsorgssvikt innan dei blei 12 år.

Det er stor usikkerheit kring talmaterialet, og det kan vere store mørketal, men det blir understreket at sjølv omsorgssvikt og vald av mild karakter kan gje varige konsekvensar og påføre barn og samfunnet kostnader. Omsorgssvikt og vald av mild karakter kan rettast opp gjennom riktige tiltak der omsorgssituasjonen til barnet tryggast og barnet får adekvat hjelp. Her peiker ein på tiltak frå barnevern, skule, helsevesen og andre som relevante instansar.



Figur frå rapport side 41

Nokre konsekvensar av opplevd omsorgssvikt og vald:

- Ein del får forseinka skuleløp slik at de får behov for minst eitt år «ekstra» skulegong samanlikna med ein situasjon der dei ikkje hadde vore utsett for alvorleg omsorgssvikt
- Ein del av barna har ulike formar for ekstraundervisning, anten som følgje av ein diagnose, enkeltvedtak frå PPT etc.
- Relasjonsskadar og mangelfull omsorg kan gje barn varige hjerneskode som følgje av at dei ikkje får den naudsynte tryggleiken og stimulansen som krevst for at hjernen skal utviklast slik den er programmert for. Langtidseffekten viser større sannsyn for å falle ut av arbeidslivet, og mindre sannsyn for å lukkast i arbeidslivet.

Det kjem også fram at rette tiltak, der ein trygg og forsvarleg omsorgssituasjon blir etablert tidleg, eller før barnet har levd for lenge med betydelege risikofaktorar, relativt raskt kan gje betring for

barnet. Læring kan takast att og manglande sosial kompetanse kan øvast opp, gitt at tiltaka vert iverksett tidleg nok, og at dei rette tiltaka vert iverksett (Rapport side 56).

Her får ein støtte for at samfunnet sitt produksjonstap knytt til alvorleg omsorgssvikt mot barn, avhenger av at barna vert fanga opp tidleg nok, og om dei får den rette hjelpa når det vert avdekket. Produksjonstap representerer livskostnader for dei barna som vert utsett for omsorgssvikt og val.


Tabellen under synar livssyklusstandar for barn og unge utsett for alvorleg omsorgssvikt, barnemishandling eller overgrep i 2015 verdi.

Kategorier og kostnadsposter	Kroner per utsatt, gj.snitt, Nåverdi	Kostnader for barn utsatt i 2015 eller tidligere i livet 1000-2015-kroner, Nåverdi
<b>Levetidskostnader ikke fatale utfall (N=11 00)</b>		
Helsekostnader i barndommen	93 214	1 025
Helsekostnader som voksen	55 625	612
Produktivitetstap (inkludert skattekostnader for trygd, sykepenger, etc)	3 003 320	33 037
Barnevernkostnader	4 294 032	40 143
Politiets kostnader (barnesaken, kostnader senere i livsløpet er ikke inkludert)	52 132	573
Spesialundervisning som følge av alvorlig omsorgssvikt	50 819	559
<b>Sum omsorgssvikt og mishandling alvorlige saker, men uten fatale utfall</b>	<b>7 549 142</b>	<b>75 949</b>

Rapport side 60

- Andelen av elevar som fullfører vidaregåande skule i dag er ca 70%.
- Unge utan fullført vidaregåande opplæring har større sannsyn for å bli arbeidsledige enn dei med fullført vidaregåande skule.
- Den sosiale opplevinga av skulekvardagen er den viktigaste faktoren som påverkar elevane sine tankar om å avslutte skulegongen. Dårlig «sosial» oppleving inkluderer både kjensle av einsemd, eller mangel på vener, og mangel på sosial relasjon til lærarane.
- Manglande fullføring av vidaregåande opplæring er ikkje einstyddande med utanforskap. Av alle som manglar vidaregåande opplæring, er det omtrent 40% som går over i arbeid, medan omtrent 60% er arbeidsledige og på ulike tiltak

(Kjelde: *Fra utenforskap til inkludering, grunnlagsdokument, KS, september 2015*).



## 10 MEDVERKNADSPROSESS

---

I arbeidet med barnevernsreforma har det vore viktig å få medverknad frå målgruppa i Fitjar kommune, barn og unge og føresette. I tillegg er medverknad frå førstelinjetenesta viktig for å kartleggje at me har kompetanse til å møte dei behova innbyggjarane våre har.

I ein brei medverknadsprosess har barn og unge fått komme med innspel på:

- kva dei treng
- korleis dei oppleve dagens tilbod
- om dei kjenner til tilboda i kommunen
- vegen inn til tilboda og hjelp

Føresette har fått gitt tilbakemelding på:

- kva tilbod treng dei som er føresette i dag
- kjenner dei tilboda kommunen har
- kva for tilbod ser dei for seg at dei vil ha nytte av


Tilsette i førstelinjetenesta, her definert som helsestasjonstenesta, barnehage, skule og SFO, har fått gitt tilbakemelding på kva dei treng av kompetanse og rettleiing for å gje rett hjelp til rett tid.

### 10.1 BARN OG UNGE 13 – 19 ÅR

Ungdommen ga tilbakemelding på følgjande tenestetilbod som vil vere aktuelle for dei:

- Aktivitetskalender
- BUP
- Tilrettelegging i skulen
- Helsesjukepleiar
- Leksehjelp
- Organisert skyss
- Sinnemeistring
- Kontaktperson dersom du treng nokon å snakke med
- Føresette og vaksne som er ute i nærmiljøet på kveldar og helg
- Fastlege
- Helsestasjon for ungdom


- barn lærer hele tiden,  
planlagt og uplanlagt



## Funn i undersøkinga:

### 3. Kva for tema skulle du ønskje at vi hadde ekstra fokus på i tenestetilbodet til barn og unge?

● Psykisk helse	41
● Foreldrerettleiing: Forstå barn...	12
● Avhengigheit (speling, rus)	22
● Nettvett, skjermtid	15
● Sosiale relasjonar, vener	19
● Skulevegving	9
● Mobbing	33
● Sinnemeistring	20
● Fysisk helse (kosthald, søvn, fy...	34
● Støtte til å ta egne val, og setj...	32
● Anna	6



#### 10.1.1 Oppsummering

Tilbakemelding frå barn og unge visar at dei har behov for auka fokus på følgjande område:

- Psykisk helse
- Mobbing
- Fysisk helse
- Støtte til å ta egne val

Dei har også ytra eit behov for auka vaksentettleik på skule og fritid.



Foto: Fitjarstølane barnehage

## 10.2 FØRESETTE

Føresette ga tilbakemelding på følgjande tenestetilbod som vil vere aktuelle for dei:

- Aktivitetskalender
- BUP
- Lågterskel psykisk helse
- Føresetterettleiing / sinnemeistring
- Helsesjukepleiar på skulen
- Ferie SFO
- Leksehjelp
- Natteravn
- Økonomisk bistand til ferieaktivitetar

Tenester som var naturlege for dei å ta kontakt med dersom dei hadde trong for hjelp / støtte:


- Helsestasjonen
- Fastlege
- Skule / barnehage

Og at føresetterettleiing er eit behov som alle kommenterer. Dette kjem også fram i andre undersøkingar som Ungdata og samarbeidsmøte i SLT nettverket i kommunen.

Funn i undersøkinga:

6. Kva for tema skulle du ønskje at vi hadde ekstra fokus på i tenestetilbodet til barn og unge?


• Psykisk helse	108
• Foreldrerettleiing barnets åtf...	56
• Avhengigheit (speling, rus)	48
• Nettvett	105
• Foreldrerettleiing følelsar og e...	57
• Sosiale relasjonar, vener	98
• Skulevegving	36
• Mobbing	90
• Sinnemeistring	29
• Foreldrerettleiing samspel me...	37
• Barnet si utvikling	26
• Fysisk helse (kosthald, søvn, fy...	75
• Skjermtid	67
• Organisert foreldrenettverk	36
• Grensesetting	51
• Anna	6



Dei har også gitt tilbakemelding på kva for behov dei som føresette har av tenestetilbodet til barn og unge:

9. Kva for tema skulle du ønskje at vi hadde ekstra fokus på i tenestetilbodet til deg som foreldre/føresett?

● Svangerskap	27
● Psykisk helse	83
● Voldsproblematikk/Alternativ ...	5
● Oppdragelse	43
● Grensesetting	55
● Følelsar og emosjonar	68
● Relasjonar	33
● Rus	20
● Økonomi	23
● Foreldrerolla	54
● Foreldrekonflikt	8
● "Mine, dine, våre barn" (Famili...	21
● Samspill med barnet	49
● Bustadsituasjon og arbeid	12
● Manglande/lite nettverk	32
● Kva familie og nettverk kan bi...	13
● Sinnemeistring	16
● Fysisk helse	29
● Kultur/integrering - foreldrero...	5
● Anna	11



### 10.2.1 Oppsummering

Tilbakemeldingar frå dei føresette visar at følgjande område bør styrkast i vår kommune:

- Psykisk helse
- Følelsar og emosjonar – det å forstå utvikling til barn og unge
- Grensesetting, korleis vere ein autoritativ vaksen
- Føresetterolla
- Samspel med barnet

### 10.3 TILSETTE


Tilsette i skule, barnehage og helsestasjonstenesta har gitt følgjande tilbakemelding på aktuelle tenestetilbod basert på deira oppleving i arbeidskvardagen med barn og unge.

- BUP
- Føresetterettleiing / sinnemeistring
- Rettleiing og støtte til føresette på generelt grunnlag
- Førebyggjande barnevern
- Barnevernstenesta
- PPT/OT
- Miljøterapeut på skulen
- Lågterskeltilbod på psykisk helse
- Skulevegring
- Samtalegrupper for barn
- Kommunepsykolog

Dei har også gitt tilbakemelding på kva dei tenkjer dagens føresettegruppe treng føresetterettleiing i:

9. Kva for tema ser du at dagens foreldregruppe har behov for støtte og rettleiing i?


● Svangerskap	8
● Psykisk helse	38
● Voldsproblematikk/Alternativ ...	11
● Oppdragelse	46
● Grensesetting	57
● Følelsar og emosjonar	37
● Relasjonar	35
● Rus	10
● Økonomi	8
● Foreldrerolla	36
● Foreldrekonflikt	15
● "Mine, dine, våre barn" (Famili...	23
● Samspill med barnet	27
● Bustadsituasjon og arbeid	6
● Manglande/lite nettverk	10
● Kva familie og nettverk kan bi...	7
● Sinnemeistring	18
● Fysisk helse	12
● Kultur/integrering - foreldrero...	11
● Anna	0



## Funn i undersøkinga:

### 5. Kva for tema oppleve du at det er behov for at vi har ekstra fokus på i tenestetilbodet til barn og unge?

● Psykisk helse	50
● Foreldrerettlegg barnets åtf...	50
● Avhengigheit (speling, rus)	11
● Nettvett	33
● Foreldrerettlegg følelsar og e...	35
● Sosiale relasjonar, vener	36
● Skulevegring	25
● Mobbing	44
● Sinnemeistring	35
● Foreldrerettlegg samspel me...	35
● Barnet si utvikling	25
● Fysisk helse (kosthald, søvn, fy...	36
● Skjermtid	31
● Organisert foreldrenettverk	9
● Grensesetting	43
● Anna	0



#### 10.3.1 Oppsummering

Det å overta nye oppgåver og ansvar som ligg i oppvekstreforma inneber eit krevjande endringsarbeid for kommunen. Kartlegging av utfordringsbilete i kommunen og eksisterande ressursar i organisasjonen har vore avgjerande for å kunne vurdere handlingsrommet og ressursbehov.

Dei store endringa i kostnadsnivået knytt til barnevernstiltak krev at kommunen har ei meir målretta tilnærming til dei førebyggjande tenestene. I tillegg vil samarbeid mellom innbyggjarar, nærmiljø, frivillige og kommune vera viktige grep for å lykkast med å skape gode og trygge oppvekstvilkår for barn, unge og familiar.


## 11 FØREBYGGJANDE TILTAK OG KOMPETANSE

Når eit barn eller ein ungdom vert utsett for omsorgssvikt, kan det ha konsekvensar på tidspunktet det skjer, i tillegg til seinare i livet. Forsking har vist at barn som har opplevd omsorgssvikt har auka risiko for fysiske og psykiske utfordringar seinare i livet ([NDLA](#)).

### 11.1 KOMPETANSEHEVINGSBEHOV

Tilsette har i medverknadsprosessen gitt tilbakemelding på område kor dei har god kompetanse og område kor dei treng meir kompetanse:

12. Kva for kompetanse treng du i ditt arbeid kring barn og unge det er ei uro for? Kryss av her for korleis du vurderer eigen kompetanse på følgjande tema:




Basert på tilbakemeldingar i medverknadsprosessane med barn og unge, føresette og tilsette har kommunen peika på ulike område som ein treng tiltak og kompetanse på. Ut frå dette har ein trekt fram 3 satsingsområde på det universelt førebyggjande nivået:

- BTI handlingsrettleiaren som system for alt førebyggjande arbeid i kommunen
- Føresetterettleiing jf. Circle of Security (omtalt meir i 11.3)
- Føresetterettleiing jf. De Utrolige årene (omtalt meir i 11.4)

## 11.2 BTI – BETRE TVERRFAGLEG INNSATS

I vår kommune har BTI rettleiaren vore ein del av det førebyggjande arbeidet sidan 2018. BTI strukturen skal sikre at ein fangar opp barn og unge sine utfordringar på eit tidleg stadi og at ein koplar på barn og føresette på uroen ein har så tidleg som mogleg. Rettleiaren er digital og gjer god støtte og rettleiing for korleis ein skal jobba frå ei tidleg undring, til uro og til tverrfagleg samarbeid mellom kommunale og interkommunale tenester.



- **Nivå 0**  
Handlar om å definere ei uro saman med barnet og føresette.
- **Nivå 1**  
Handlar om dei universelle tiltaka som gjeld for alle barn, unge og familiar utan at det vert identifisert sårbare individ eller grupper, døme her kan vera MOT som ein i dag har i kommunen.
- **Nivå 2**  
Her set ein inn selektive tiltak mot einskild individ/eller grupper, her kan det oppstå ei undring eller kjent eller forhøg risiko for utfordring eller sårbarheit, døme kan her vera føresette rettleiingsprogram.
- **Nivå 3**  
Her set ein inn dei indikative tiltak som gjeld for einskild individ som har ein høgare risiko eller sårbarheit, til dømes kan det vera blant anna skulevegving, rusutfordringar.

BTI rettleiaren er eit verktøy som vert nytta av våre interkommunale tenester, og spesialisthelsetenesta.

### 11.3 CIRCLE OF SECURITY PARENTING (COS-P)

COS-P er eit tiltak som rettar seg mot trygg tilknytning mellom føresette og barn. Tiltaket er eit universalførebyggjande tiltak som kan nyttast i helsestasjonstenesta, skulehelsetenesta eller i barnehagar. I Fitjar kommune ynskjer me å ha kompetansen hjå tilsette i helsestasjonstenesta, med eit samarbeid med barnehage og skule for å gje tilbodet der det er behov, i grupper eller individuelt.

COS-P har som hensikt å lære føresette kva barn treng for å utvikle trygg tilknytning, og å hjelpe føresette å bli medvitne eigne utfordringar i å imøtekomme barna sitt tilknytingsbehov.

Fokusområde er:

- COS sirkelen knytt til barn og føresette sitt daglegliv
- Barn sitt emosjonelle behov og korleis dei vaksne kan møte dette
- Emosjonsregulering
- Tolking av barns uttrykk
- «Reparere» negative samspelssekvensar

### 11.4 DE UTROLIGE ÅRENE (DUÅ)

De Utrolige Årene (DUÅ) er ein tiltaksserie med åtte ulike program som finansierast av Helsedirektoratet. Målgruppa er barn i alderen 0 – 12 år.

Overordna mål med tiltaka er:

- fremje barns psykiske helse via å trygge føresette i rolla som føresette
- styrke barns sosiale-, emosjonelle- og problemløysingsferdigheiter
- førebyggje og behandle åtferdsvanskar

DUÅ har program med modular som dekker både universalførebyggjande, målretta førebyggjande-, indikerte- og behandlingstiltak for målgruppa. Programma kan nyttast kvar for seg, men dei kan også sjåast i ein samanheng i det førebyggjande arbeidet i kommunen.

I Fitjar kommune ynskjer ein fokus på:

- DUÅ skule- og barnehageprogrammet
- DUÅ dinosaurskulen

I tillegg har BUP DUÅ som behandlingsmetode i sitt forløp for barn og unge med åtferdsvanskar.

#### 11.4.1 DUÅs skule- og barnehageprogram

Programmet er eit universelt fremjande tiltak for å styrke tilsette i barnehage, skule og SFO sin kompetanse til klasse-/gruppeleiing og å fremje god psykisk helse og førebyggje åtferds- og sosiale vanskar hos barn. Målgruppa er barn i alderen 3 år til småskuletrinnet i skulen. Men ein kan nytte det i tilrettelegging for mellomtrinnet.


#### 11.4.2 DUÅs Dinosaurskule i klasserom, SFO og barnehage

Programmet er universelt fremjande tiltak for å fremje sosiale og følelsesmessige ferdigheiter for barn i alderen 3 – 9 år-. Formålet med programmet er:

- å styrke barnas sosiale og kjenslemessige ferdigheiter
- å styrke barnas evne til sjølvregulering
- utvikle empati
- utvikle godt sjølvbilde og vennekompetanse
- gode problemløysingsferdigheiter

## 12 FØREBYGGING

Fitjar kommune sitt fokusområde vil i utgangspunktet dekke 3 nivå i denne planen, sjå modell under.



Førebygging illustrert ved gul og grønn sirkel. Barnevernstenesta sine hjelpetiltak og indikert hjelp frå andre velferdstenester er illustrert ved raud sirkel.

### 12.1 UNIVERSELLE HJELPETILTAK

Universelle hjelpetiltak er her definert som dei tiltaka tenestene for barn og unge tilbyr ihht til gjeldande regelverk. Tiltaka skal vere for alle barn og unge, samt føresette som har barn i alderen 0 – 19 år.

Tiltak skal vere omtala i ein sosial årsplan, kor dei ulike tenestene sine ansvarsområde er representert og det skal vere spesifisert tema og innsats på kvart årstrinn i grunnskulen. Målet med dei universelle tiltaka skal vere førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar. Den sosiale årsplanen skal synleggjere tverrfagleg samhandling og samarbeid på tvers av tenestene. I tillegg skal det vere informasjon om tenestene for tenestene og føresette, barn og unge.

Universelle tiltak vil vere eit viktig initiativ for å førebyggje. I Fitjar kommune er det eit mål at alle føresette skal få tilbod om føresettrettleiing. Tiltaka skal vere retta mot barn og unge, men også i stor grad mot føresette. Det vil gje støtte, rettleiing og hjelp til dei som har ein normal kvardag, dei som treng noko støtte og dei som treng mykje støtte, men som ikkje er avdekka.

BTI rettleiaren nivå 0 skal vere måten tenestene arbeider etter ved oppdaging av ei uro.

### 12.1.1 Tiltak

Føresetterettleiing er eit større satsingsområde for førebyggjande tiltak i vår kommune.

Føresetterettleiing skal ha fokus på føresette, frå barnet er i magen og framover i utdanningsløpet.

TILTAK	OMTALE	ANSVARLEG TENESTE
<b>ALDER -9MND TIL 1 ÅR</b>		
Svangerskapskontroll Helsekontroll Barselgrupper	Oppfølging i svangerskapet og barnets første leveår	Jordmor, fastlege og helsestasjonstenesta
COS-P	Føresetteførebuing i svangerskapet og føresetterettleiing i barnets første leveår.	Jordmor og Helsestasjonstenesta
Føresettepakka	Føresettepakka er eit nasjonalt (gratis) informasjonsprogram som skal hjelpe og styrke kommande føresette. Den gjer informasjon og verktøy til å handtere krevjande situasjonar for å gje barn og føresette ein trygg og god start på livet. Utarbeidd gjennom Stine Sofie Stiftelsen i samarbeid med helsedirektoratet.	Jordmor og helsestasjonstenesta  Blir og nytta ved Helse-Fonna fødeavdeling
<b>FRÅ 1 – 6 ÅR</b>		
Helsekontroll Barselgrupper	Oppfølging jf. ordinært helsestasjonsprogram fram til skulestart	Helsestasjonstenesta Fastlege
COS-P	Circle of Security (COS) Parenting er eit føresetterettleiingsprogram med ei målsetjing om å fremja trygg tilknytning mellom føresette og barn. COS-P kurs skal støtta føresette, eller dei som jobbar med barn, til å forstå kvifor barn oppfører seg slik dei gjer, kva behov dei har og korleis dei kan møte behova på ein omsorgsfull og utviklingsstøttande måte. Den kjenslemessige og reflekterande delen av programmet viktigare enn å læra foreldra teknikkar på korleis dei taklar barn si åtferd. Cos legg vekt på at alle føresette har sine kampar og ting ein strevar med. Det vert jobba med refleksjon om kva dette eigentleg handlar om, og på denne måten vert du som omsorgsgjevar gitt fleire val på korleis du ynskjer å løysa utfordringane.	Helsestasjonstenesta
DUÅ universalprogrammet	Programmet er eit universelt fremjande tiltak for å styrke tilsette i barnehage, skule og SFO sin kompetanse til klasse-/gruppeleiing og å fremje god psykisk helse og førebyggje åtferds- og sosiale vanskar hos barn. Målgruppa er barn i alderen 3 år til småskuletrinnet i skulen. Men ein kan og nytte det i tilrettelegging for mellomtrinnet.	Barnehage
DUÅ dinosaurskulen	Programmet er universelt fremjande tiltak for å fremje sosiale og følelsesmessige ferdigheiter for barn i alderen 3 – 9 år-. Formålet med programmet er: - å styrke barna sin sosiale og kjenslemessige ferdigheiter	Barnehage

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- å styrke barna si evne til sjølvregulering</li> <li>- utvikle empati</li> <li>- utvikle godt sjølvbilde og vennekompetanse</li> <li>- utvikle gode problemløysingsferdigheiter</li> </ul>	
Barnehagepakka	Eit opplæringsprogram som skal gjere barnehagetilsette betre rusta til å avdekke vald og overgrep mot barn så tidleg som mogleg. Utarbeidd gjennom Stine Sofie Stiftelsen i samarbeid med helsedirektoratet.	Barnehage og helsestasjonstenesta
<b>SKULEALDER</b>		
COS-P	Føresetterettleiing	Helsestasjons- og skulehelsetenesta
DUÅ dinosaurskulen	Programmet er eit universelt fremjande tiltak for å styrke tilsette i barnehage, skule og SFO sin kompetanse til klasse-/gruppeleiing og å fremje god psykisk helse og førebyggje åtferds- og sosiale vanskar hos barn. Målgruppa er barn i alderen 3 år til småskuletrinnet i skulen. Men ein kan nytte det i tilrettelegging for mellomtrinnet.	Skule
DUÅ universalprogrammet	Programmet er universelt fremjande tiltak for å fremje sosiale og følelsesmessige ferdigheiter for barn i alderen 3 – 9 år-. Formålet med programmet er: <ul style="list-style-type: none"> <li>- å styrke barna sin sosiale og kjenslemessige ferdigheiter</li> <li>- å styrke barna si evne til sjølvregulering</li> <li>- utvikle empati</li> <li>- utvikle godt sjølvbilde og vennekompetanse</li> <li>- utvikle gode problemløysingsferdigheiter</li> </ul>	Skule
Barn- og unges psykiske helsearbeid	Psykisk helse gjev i utgangspunktet tilbod til vaksne over 18 år. Målgruppa er personar som slit med å fungera i kvardagen grunna psykiske vanskar. Målet er at kvar einskild skal oppleve meistring og nytta egne ressursar og å få eit meningsfylt liv. Psykisk helse er eit lågterskeltilbod, dvs. det er også mogleg å ta kontakt utan tilvising frå lege. Tenesta tilbyr individuelt tilpassa opplegg etter nærare vurdering. I nokre høve føl tenesta opp barn og unge under 18 år som er tilvist tenesta av fastlegar, BUP eller helsesjukepleiarane.	Psykisk helse
Rop ut Fitjar	Rop ut Fitjar er eit nyetablert tilbod for ungdom i alderen 13-18 år. Målet er å møte ungdom, fange opp og forebygge eller dempe allerede rus og psykisk uhelse. Fast møteplass ein gong i veka, foreløpig ved Ope hus i Fitjar kultur- og idrettsbygg. Det er også mulighet for samtaler utanom Ope hus ved behov.	NAV

## 12.2 SELEKTIVE HJELPETILTAK

Selektive hjelpetiltak skal skje ihht til BTI rettleiaren i Fitjar kommune. Når ein har ei uro som viser seg å vere ei vedvarande uro / utfordring for barn og unge, skal ein setje i gong med målretta tiltak. Dei universelle tiltaka skal framleis ha fokus, og vere ei god støtte, men det skal setjast inn ekstra innsats for å komme tidleg på banen slik at ein kan arbeida førebyggjande. Rettleiing frå ulike instansar vil vera relevant og viktig, og samtidig vera ei god støtte i handlekraftige og rette tiltak ihht til utfordring/ uro.

TILTAK	OMTALE	ANSVARLEG TENESTE
PMTO	PMTO (Parent Management Training- Oregonmodellen) individuell foredrerettleiing er eit behandlingstilbod for føresette med barn i alderen tre til 12 år, som har eller står i fare for å utvikle åtferdsproblem. Rettleiinga har som mål å forsterke det emosjonelle bandet og tilknytninga mellom føresette og barn gjennom å bryte negative og fastlåste samspelssirklar og gjenopprette ein positiv og trygg relasjon. Føremålet er å hjelpe føresette med å utvikle spesifikke føresettedugleikar som kan førebygge, redusere eller stoppe åtferdsproblem hos barnet.	PPT og barnevern
På gulvet	Kva er barnets grunnleggande behov? Korleis kan omsorgspersonar møte dette? Me som jobbar med barn og familier har teoretisk kunnskap om dette. I tillegg har me erfaringa me har fått gjennom våre møte med familiar. Å formidle mogleik for endring kan likevel vere vanskeleg, spesielt til omsorgspersonar i en særleg sårbar situasjon. <i>På Gulvet</i> er utvikla for å hjelpe både rettleiaren og omsorgspersonen nede på gulvet, der det vesle barnet er, og saman kunne undre seg over kva det treng. <i>På Gulvet</i> har utvikla enkle og tydelege verktøy som hjelp alle i samarbeidet til å ha felles fokus med barnet i sentrum. <i>På Gulvet</i> kan nyttast i endringsarbeid med foreldre med barn i alle aldrar.	Førebyggjande barnevern
Førebyggjande tiltaksteam	Førebyggjande tiltaksteam skal vere eit tilbod til familiar av kortvarig behov for oppfølging innan førebyggjande psykisk helsearbeid. Tilbodet er retta mot familiar som har uro knytt til psykisk helse og utfordringar i relasjonar mellom barn og føresette/andre vaksne. Teamet tilbyr til dømes individuelle samtalar, familiesamtalar og føresetterettleiing. I tillegg skal teamet kunne rettleie tilsette i barnehagar, skular og andre tilsette som arbeidar med barn, unge og føresette i vår kommune. Målgruppa er barn og unge i alderen 0 – 18 år. Fokus i teamet er retta mot barn og unge sin livssituasjon, ressursar og moglegheiter og sjå på moglege løysingar saman med dei det gjeld.	Førebyggjande team

Laget	NAV Fitjar har også Laget, som er eit lågterskeltilbod for unge arbeidssøkarar. Tiltaket vert gjennomført som eit gruppetiltak og individuelt. Unge i Kvalifiseringsprogrammet er ei prioritert målgruppe for Laget.	NAV
Miljøretteiar ungdom	Stillinga er eit samarbeid mellom Rimbareid skule og NAV, og skal styrkje det rusførebyggjande tilbodet til barn og unge, hovudsakleg i ungdomsskulealder. Tanken er å stimulere til å styrkje det noverande tverrfaglege/tverretatlige samarbeide innad i kommunen. Det vil også vere behov for å jobbe på system og individnivå med ei yngre aldersgruppe enn dei me i hovudsak føl opp i dag.	NAV

### 12.3 INDIKERTE / BEHANDSLINGSTILTAK

På dette nivået er innsatsen retta direkte mot barnet og er omtala som behandling. I vår kommune og vårt interkommunalt tilbod, samt Helse Fonna regionen sitt behandlingstilbod, vert det fokus på følgjande tiltak:

TILTAK	OMTALE	ANSVARLEG TENESTE
COS-I	Circle of Security (COS) Intervention er eit program med ei målsetjing om å fremja trygg tilknytning mellom føresette og barn. Er eit manualbasert program for føresette som har barn som er i risiko for tilknytingsvanskar, eller slike vanskar allereie er utvikla. COS-I er eit meir intensivt tiltak samanlikna med COS-P, fordi det blir jobba meir målretta, over lengre tid og på meir direkte måtar.	Barnevern
Marte Meo	Marte Meo er ein kommunikasjons- og relasjonsorientert rettleiings- og behandlingsmetode. Går ut på å bruka videoanalyse av samspel mellom barn og omsorgspersonar for å sjå barnet på nye måtar. Marte Meo skal og gje hjelp til å reflektera over kva støtte som kan hjelpa barnet til betre meistring og utvikling. Det terapeutiske arbeidet med Marte Meo er å etablera eller reetablera utviklingsstøttande dialogar mellom barnet og omsorgspersonane. Tilbodet blir tilpassa det einskilde barn og foreldra. I utgangspunktet er det fem treffpunkt á 45 minutt.	PPT
DUÅ	DUÅ behandling er eit gruppebasert tilbod som er utvikla for å førebyggje eller behandle åtferdsvanskar hos barn. Eit overordna mål med programserien er å fremje gode og utviklingsstøttande relasjonar mellom barn og nære vaksne, samt fremje positive samspel barn imellom. Målgruppa er barn 0 – 12 år.	BUP
MST-Can	Multisystemic Therapy - Child Abuse and Neglect (MST-CAN) er et intensivt behandlingstiltak som retter seg mot familier med barn i alderen 6 – 18 år der det forekommer vold og /eller annen omsorgssvikt. MST-CAN er eit tiltak for å gje utsette barn ein trygg og utviklingsstøttande oppvekst. Tiltaket arbeidar for å halde familiene saman, førebyggje vald og omsorgssvikt, redusere føresette og barn psykisk vanskar, og ved å hjelpe familiar til å bruke sosiale støtte.	Barnevern
FACT:Ung	FACT-Ung er eit tverrfagleg team som jobbar heilskapleg og fleksibelt med støtte og behandling til ungdom som ikkje har fått tilstrekkeleg hjelp i de ordinære tenestene. Målgruppa for tenesta er ungdom (12-25 år) som treng langvarig og samensett innsats frå fleire tenester og nivå, saman med funksjonssvikt av moderat til alvorleg grad innanfor områder som t.d. psykisk helse, skule, nettverk, familie, arbeid, rus, kriminalitet, seksualitet m.m.  FACT står for Flexible Assertive Community Treatment. Dette betyr teamet skal vera aktivt oppsøkande. I FACT-ung fokuserer ein på behandling i nærmiljøet, og møter ungdommen der de er eller ynskjer å vera. FACT-ung er eit samarbeid mellom kommunane Stord, Fitjar og Bømlo, samt spesialisthelsetenesta v/BUP Stord. Det vil vera tilsette både frå kommune og spesialisthelsetenesta i teamet.	FACT:Ung team

Ungdoms- koordinator	<p>Ungdomskoordinator har ansvar for ungdom som står langt frå arbeid og aktivitet og treng tett oppfølging. Ein jobbar her etter SE metodikk for å sikre tett oppfølging og god inkluderingskompetanse. Ungdomskoordinatoren har eit etablert og tett samarbeid med Fitjar vidaregåande skule, for å hjelpe med utfordringar som kan gjere det vanskelig for elevane å fokusere på skulen. Dette for å vere med på å hindre fråfall/auke sjansen for å klare å fullføre skuleløpet, samt vere med å sikre gode overganger til anna aktivitet. I dette førebyggjande arbeidet samarbeider ein også tett med helestatjonesta, psykisk helse i kommunen, og evt. andre aktuelle instanser.</p>	NAV
-------------------------	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	-----

## 13 SAMARBEID OG SAMHANDLING

---

1. august 2022 trer det i kraft nye retningslinjer for samarbeid i 14 velferdstenestelover. Formålet med endringane er å styrke oppfølginga av utsette barn og unge og deira familiar gjennom auka samarbeid mellom velferdstenestene. Her vert det også meir tydeleg kven som har hovudansvaret for å samordna tilboda i kommunen.

Sjå tenesteomtaler seinare i dokumentet i høve lovverk, samhandling og samarbeid med andre tenester.

Samhandling i vår kommune skal vere prega av gode relasjonar til barn og unge, samt deira føresette. Barn og unge som har utfordringar skal oppleve eit kommunalt hjelpeapparat som har god kompetanse og god kunnskap om kva for tenester som er relevante for utfordringsbilete.

I arbeidet med denne planen har det vore brei tverrfagleg innsats som har jobba ut tiltak, samhandlingsrutinar og korleis desse skal vere nytta på ein best mogleg måte.

### 13.1 BARNEHAGE OG HELSESTASJONSTENESTA

#### **Barnehagelova § 2 b. Samarbeid og samordning**

*Barnehagen og pedagogisk-psykologisk teneste skal samarbeide med andre tjenesteytere dersom samarbeid er nødvendig for å gi barnet et helhetlig og samordnet tjenestetilbud. Dersom barnet har individuell plan etter annen lov og forskrift, skal barnehagen og pedagogisk-psykologisk teneste delta i samarbeid om utarbeidelse og oppfølging av tiltak og mål i den individuelle planen.*

*Kommunen skal samordne tjenestetilbudet etter første ledd. Ved behov skal kommunen bestemme hvilken kommunal tjenesteyter som skal ivareta samordningen. Dersom det er oppnevnt barnekoordinator etter helse- og omsorgstjenesteloven § 7-2 a, skal koordinatoren sørge for samordning av tjenestetilbudet.*

*Barnehagen og pedagogisk-psykologisk teneste skal, i tillegg til å følge opp enkelte barn, samarbeide med andre tjenesteytere slik at barnehagen, pedagogisk-psykologisk teneste og de andre tjenesteyterne kan ivareta sine oppgaver etter lov og forskrift.*

Helsedirektoratet har følgjande føring for samarbeidet mellom barnehagen og helsestasjonstenesta:

- Helsestasjonen **skal ha eit** systematisk samarbeid med barnehagar i kommunen

### 13.2 BARNEHAGE OG SKULE

#### **Barnehagelova § 2a. Plikt til å samarbeide med skolen om overgangen fra barnehage til skole**

*«Barnehagen skal samarbeide med skolen om barnas overgang fra barnehage til skole og skolefritidsordning, jf. opplæringslova § 13-5 og privatskolelova § 5-5. Samarbeidet skal bidra til at barna får en trygg og god overgang. Barnehagen må ha tillatelse fra barnets føresette for å utlevere personopplysninger om barnet til skolen.»*

#### **Opplæringslova § 13-5. Plikt til å samarbeid med barnehagen om overgangen til skolen.**

«Skolen skal samarbeide med barnehagen om barna sin overgang frå barnehage til skole og skolefritidsordning. Samarbeidet skal bidra til at barna får ein trygg og god overgang.

Skoleeigaren har hovudansvaret for samarbeidet og skal utarbeide ein plan for overgangen frå barnehage til skole og skolefritidsordning.»

Fitjar kommune har eit styrande dokument for dette samarbeidet som alle skular og barnehagar føl. Planen heiter «Frå eldst til yngst».

### 13.3 SKULE, SFO OG PPT

#### Opplæringslova § 15-8. Samarbeid og samordning

*Skolen, skolefritidsordninga og pedagogisk-psykologisk teneste skal samarbeide med andre tenesteytarar dersom samarbeid er nødvendig for å gi eleven eit heilskapleg og samordna tenestetilbod. Dersom eleven har individuell plan etter anna lov og forskrift, skal skolen, skolefritidsordninga og pedagogisk-psykologisk teneste delta i samarbeid om utarbeiding og oppfølging av tiltak og mål i den individuelle planen.*

*Kommunen skal samordne tenestetilbodet etter første ledd. Ved behov skal kommunen bestemme kva for ein kommunal tenesteytar som skal vareta samordninga. Dersom det er oppnemnt barnekoordinator etter helse- og omsorgstjenesteloven § 7-2 a, skal koordinatoren sørge for samordning av tenestetilbodet.*

*Skolen, skolefritidsordninga og pedagogisk-psykologisk teneste skal, i tillegg til å følgje opp einskilde elevar, samarbeide med andre tenesteytarar slik at skolen, skolefritidsordninga, den pedagogisk-psykologiske tenesta og dei andre tenesteytarane kan vareta sine oppgåver etter lov og forskrift.*

### 13.4 SKULE, SFO OG HELSESTASJONSTENESTA

Helsedirektoratet har følgjande formulering for samarbeidet mellom skulehelsetenesta og skulen:

- Skulehelsetenesta bør ha eit systemretta samarbeid med skulen for å bidra til å sikre elevane eit godt fysisk og psykososialt miljø.
- Skulehelsetenesta bør delta i skulen sitt arbeid med å planleggje tiltak på universelt-, gruppe- og individnivå.

### 13.5 KOORDINERANDE EINING

Alle kommunar er gjennom lov og forskrift pålagt å ha ei koordinerande eining for rehabilitering og habilitering.

Koordinerande eining (KE) har som hensikt å sikre koordinerte tenester til dei som treng det. Eininga skal vera ein stad ein kan henvende seg til for barn/føresette, verge og for samarbeidspartnarar og andre tenesteytarar. Koordinerande eining har ansvar for å:

- Ha oversyn over kva tenester som er tilgjengelege i Fitjar kommune.
- Vera knutepunkt for samarbeid mellom instansar i og utanfor kommunen.
- Ha det overordna ansvar for individuell plan og koordinator.
- Ta imot meldingar om behov for individuell plan og koordinator, og gjera vedtak.

- Oppnemnde koordinator.
- Utarbeide rutinar for arbeidet med individuell plan og koordinator.
- Sikre kompetanseheving kring arbeidet med individuell plan.
- Gje opplæring og vegleia koordinatorar.
- Bidra til samarbeid på tvers av fagområde, nivå og sektorar.
- Ivareta familieperspektivet.
- Sikre informasjon til befolkningen og samarbeidspartnere.
- Ta imot interne meldingar om mogleg behov for habilitering og rehabilitering eller anna form for behov for koordinerte tenester.

### 13.6 FØREBYGGJANDE BARNEVERN

Barnevernlova har følgjande føringar for samarbeid for å førebyggje:

- Barneverntjenesten skal sette inn tiltak tidlig for å forebygge alvorlig omsorgssvikt og atferdsvansker.



Foto: Fitjarstølane barnehage

## 14 TILTAK FOR SAMHANDLING OG SAMARBEID

Av tenestetilbod som krevjar tverrfagleg samhandling har me følgjande tiltak:

Tiltak	Arbeidsoppgåver
<b>Barne-koordinator</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• koordinering av det samla tenestetilbodet,</li> <li>• å ha oversikt over og bidra aktivt til å ivareta kommunen sitt ansvar for nødvendig oppfølging og tilrettelegging for familien og barnet i form av tilbod om eller yting av helse- og omsorgstenester og andre velferdstenester,</li> <li>• at familien og barnet får nødvendig informasjon og heilhetleg rettleiing om helse- og omsorgstenestetilbodet,</li> <li>• at familien og barnet får nødvendig informasjon og heilhetleg rettleiing om andre velferdstenester og relevante pasient- og brukarorganisasjonar, at familien og barnet gis rettleiing i deira kontakt med desse, og at det formidlast kontakt eller tilvising vidare til slike tenester eller organisasjonar og</li> <li>• framdrift i arbeidet med individuell plan</li> <li>• Initiere, innkalle og eventuelt leie ansvarsgruppemøter knytt til koordinering, eller individuell plan.</li> <li>• Ref. Fitjar kommune si handbok for koordinatorar</li> </ul>
<b>Individuell plan (IP)</b>	<p>Ein Individuell plan beskriv korleis tenestene skal samarbeide slik at barnet/ungdommen får ei heilheitleg oppfølging. Planen vert laga i samarbeid mellom barnet/føresette eller verge og tenesteytarane som arbeidar kring barnet.</p> <p>Viktige punkt i IP-planen er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Mål for brukar.</li> <li>• Kva som skal gjerast.</li> <li>• Ansvarsfordeling for involverte tenester.</li> </ul> <p>Andre tiltak og tenester som barnet/ungdommen har behov for, vert inkludert i planen, det kan til dømes vera NAV, barnevern, tilrettelegging i skule og barnehage.</p>
<b>Koordinator</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre avklaring av brukar sine mål</li> <li>• Sikre felles forståing av måla i planprosessen. Sikre heilheitleg drøfting og planlegging av tiltak med utgangspunkt i brukar sine mål, ressursar og behov.</li> <li>• Sikre god samhandling mellom aktørane i helsetenesta, herunder kan vera faste som har det medisinsk faglege koordineringsansvaret, samt med andre relevante tenesteytarar i andre sektorar.</li> <li>• Sikre samordning av tenestetilbodet og god framdrift i arbeidet med individuell plan (dersom brukar ønsker en slik).</li> <li>• Initiere, innkalle og eventuelt leie ansvarsgruppemøter knytt til koordinering, eller individuell plan.</li> <li>• Følgje opp, evaluere og oppdatere plandokument ved behov.</li> <li>• Følgje opp og evaluere arbeidsprosessen kring barnet</li> </ul>

<b>Ansvars- gruppemøte</b>	<p>Dersom eit barn har behov for langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester i kommunen har ein rett på IP- og koordinator. Dette vil utløyse behov for ansvarsgruppemøte. Dette vert i vår kommune rigga med ei ansvarsgruppe kring barnet.</p> <p>Føremålet med ei ansvarsgruppe er å avlaste føresette/verge ved å samle inn aktuelle instansar og personar som er involvert kring barnet. På denne måten får også alle instansane den same viktige informasjonen. Det er vanleg å ha ansvarsgruppemøte mellom 2 til 4 gonger i året.</p> <p>Det er føresette/verge som eig ansvarsgruppemøta på vegne av barnet, og det er dei som bestemmer kven som skal delta i møta. Instansar kan ikkje krevje å få vera ein del av ei ansvarsgruppe, med mindre det er pålagt. Føresette/verge vurderer saman med koordinator i kommunen kven som er hensiktsmessige å ta med i dei aktuelle møta.</p>
<b>Førebyggjande tiltaksteam</b>	<p>Førebyggjande team skal etter søknad ha kortvarig innsats inn mot barn, unge og føresette ved behov for støtte på område innan psykisk helse. Tilbodet er retta mot familiar som har uro knytt til psykisk helse og utfordringar i relasjonar mellom barn og føresette/andre vaksne. Tilbodet kan også omfatte føresetterettleing.</p> <p>Teamet skal ha møtepunkt annakvar veka, og behandlingstid for søknadar skal vere 2-4 veker.</p> <p>Teamet er sett saman av tverrfagleg kompetanse som skal kunne ivareta familien sine utfordringar.</p> <p>I tillegg skal teamet samhandla med barnehage, skule og SFO ved behov og samtykke.</p>
<b>Samhandlings- forum</b>	<p>Samhandlingsforum skal vere eit forum kor ein kan drøfte faglege utfordringar, og få rettleiing og kompetanse til å gje god og riktig hjelp.</p> <p>Målet med eit slikt forum skal vere:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Auka fagleg kompetanse og refleksjon</li> <li>- Auka innsikt i høve eigne tenester og kompetanse, bli betre kjent («Å forstå vårt eige system»)</li> <li>- Få eit overblikk over det universelle behovet i kommunen og behov for selektive tiltak</li> <li>- Felles oversikt over utfordringsbilete</li> </ul> <p>Samhandlingsforumet skal møtast 2 gonger per haustsemester og tre gonger per vårsemester.</p> <p>Involverte tenester:          Jordmor, helsestasjonstenesta, barnehage, skule, SFO, NAV, koordinator, koordinerande eining, SLT, vidaregåande skule, leiar for ungdomsråd</p>
<b>BTI nettverksmøte</b>	<p>Ved ei uro skal tilsette, barn/elev og evt føresette involverst så tidleg som mogleg. Dette vert kalla BTI møte. Dersom uroa held fram innkallar man til eit tverrfagleg møte med fleire involverte tenester, saman med føresette og barn/unge.</p>

## 15 OPPSUMMERING

---

Dokumentet skal gje retning og forståing for det førebyggjande arbeidet i Fitjar kommune. Målet er å gje rett hjelp til rett tid for barn og unge.

Tiltaka i planen er i stor grad basert på tilbakemeldingar frå:

- Barn og unge
- Føresette
- Tilsette

Med bakgrunn i brei medverknadsprosess har arbeidsgruppa hatt god gjennomgang av det eksisterande tilbodet i kommunen i dag, organisering og behov for nye tiltak og ny organisering. Arbeidsgruppa har vore breitt samansett frå ulike tenester, og har hatt jamlege møter i 2021 og avslutta med eitt to dagers fagseminar kor ein har drøfta lovverk, medverknadsprosess og innspel, organisering av tenestene og omorganisering. Resultatet av dette arbeidet er presentert i planen og består av følgjande element:

- Implementering av DUÅ og COS-P
- Oppretting av førebyggjande tiltaksteam
- Oppretting av samhandlingsforum

Desse grepa gjer at kommunen imøtekomme dei behova som medverknadsprosessen kom fram til, fokus på:

- psykisk og fysisk helse
- føresetterettleiing om kjensler/emosjonar, grensesetting

Planen legg også til rette for betre rutinar for samhandling og samarbeid mellom tenestene for barn og unge. Samt det å skape forståing for kva dei ulike tenestene kan og skal bidra med.

Målet vårt har vore betre organisering av tenestetilbodet, ut frå behova barn og unge og deira føresette har, samt kva tilsette ser og opplever i eigen teneste.

Det vil vera fleire områder som treng styrking undervegs i prosessen med å betre den førebyggjande innsatsen, men denne planen er eit utgangspunkt for ein start som arbeidsgruppa meiner skal vera gjennomførbart.



Foto: Fjellheim FUS Friluftsbarnhage

# Vedlegg til planen

## Prosjektplan

Periode	Prosess
November 2021	Oppstartsmøte for overordna gruppe: <ul style="list-style-type: none"> <li>- føringar for arbeidet</li> <li>- fordeling av ansvar</li> <li>- møteplan</li> <li>- opprette arbeidsgruppe</li> </ul>
	Oppstartsmøte for arbeidsgruppa: <ul style="list-style-type: none"> <li>- kva arbeidet går ut på</li> <li>- møtefrekvens</li> <li>- plan for arbeidet</li> </ul>
Desember 2021	Møte overordna gruppe – vidare plan for arbeidet og fordeling av ansvar. Rolleavklaring.
Januar 2022	13.01. Møte arbeidsgruppe – arbeid med medverknadsprosess og gjennomføring av den. Tenesteomtale av tenester som arbeidar med førebygging og oppfølging av barn og unge.
	20.01 Møte overordna gruppe – tilbakemelding på medverknadsprosess
	27.01 Vidare arbeid med medverknadsprosess
Februar 2022	Orientering råd for funksjonshemma
	09.02 Orientering utval for oppvekst og omsorg. Oppstart av planarbeid for oppvekstreforma – heilskapleg plan for førebyggjande tenester.
	10.02 Arbeid med sak og vidare plan for arbeidet i arbeidsgruppa
	17.02. Arbeidsgruppemøte – kva er utfordringane i vår kommune, kva treng me av tenestetilbod?
	24.02 Møte overordna gruppa – tilbakemelding frå arbeidsgruppemøte
Mars 2022	Medverknadsprosess i tenestene skule, barnehage, helsestasjonstenesta, NAV, heimebaserte tenester
	17.03 Møte arbeidsgruppa – vidare arbeid med potensielle tiltak
	23.03 Kommunestyret. Oppstart av planarbeid for oppvekstreforma – heilskapleg plan for førebyggjande tenester
	24.03 Møt overordna gruppe – orientering om arbeidet og medverknadsprosess.
	31.03 Møt overordna gruppe – gjennomgang av innspel frå medverknadsprosess
April 2021	21.04 Møt arbeidsgruppemøte – gjennomgang innspel fr medverknadsprosess. Korleis bruke innspel og fokus på tiltak.

	28.04 Felles leiarmøte oppvekst – tilbakemelding på medverknadsprosess og innspel til førebyggjande tiltak.
	12.04 Møte arbeidsgruppe – drøfting innspel frå oppvekstmøte og tiltak og kompetanseheving, gjennomføring.
Mai 2022	02.05 Møt arbeidsgruppemøte – gjennomgang av skrivearbeid. Plan for arbeidet til hausten.
	09.05 Møt overordna gruppe – orientering om arbeidet og tankar kring førebyggjande tiltak. Vidare plan for hausten 2022.
August 2022	10.08 Møt overordna gruppe – tiltak og fagdagar, plan for ferdigstilling
	18.08 Møt arbeidsgruppe. Orientering om de utrolige årene (DUÅ) med RKBU.
September 2022	01.09 Møt arbeidsgruppe. Gjennomgang av DUÅ
	29.-30.09 Fagseminar oppvekstreform med fokus på tiltak, kompetanseheving og organisering av einingane.
Oktober 2022	Søknad skjønnsmidlar Statsforvaltaren til oppvekstreforma
	Møt overordna gruppe. Innføring i lågterskeltilbod Tysnes kommune.
November 2022 – januar 2023	Skrivearbeid og ferdigstilling av plan
	15.11 Møt overordna gruppe. Gjennomgang av plan og tiltak.
	24.11 Felles oppvekstmøte. Gjennomgang av forslag til tiltak i tenestene, organisering av tenestene og kompetansehevingsbehov.
Januar 2023	Møt overordna og arbeidsgruppe. Gjennomgang av utkast til ferdig plan.
Februar 2023	Gjennomgang strategisk leing
	Sak i utvalet
Februar og mars 2023	Høyringsrunde på planen
Mars 2023	Gjennomgang innspel frå høyring
April 2023	Sak i utval
	Handsaming i kommunestyret

# Tenesteomtale

Fitjar kommune har kartlagt tenestetilbodet for barn og unge og under kjem ein omtale av det dei ulike tilboda.

## 1. HELSESTASJONSTENESTA

Helsestasjonstenesta er ei kompleks teneste som tilbyr hjelp på ulike nivå for barn og unge.

### Universelle tiltak

#### Helsestasjon/skulehelsetenesta

Helsestasjonstenesta har fokus på å styrkje og fremje ressursar, og avdekke eventuelle utfordringar eller behov for oppfølging. Tenesta kartlegg gjennom observasjon, samtalar, anamnese og ulike verkøy. Kartlegginga kan vere målretta, på grunnlag av retningslinjer, opplysningar frå samarbeidspartnarar, familien eller andre. Tenesta nyttar lokale rutinar og kartleggings skjema til helseundersøking. Tenesta har også ulike verkøy for undersøking av sansar som t.d. audiometri (hørsel), leatavle (syn), SPRÅK-4 og SATS-2.

Tenesta jobbar med å rettleie på kva som er normalt med tanke på utvikling hos det einskilde barnet og kva som er normalt for ungdom. I tillegg er det fokus på at tenesta har god oversikt over kor ein kan få rettleiing og oppfølging ved behov.

#### Helsestasjon

Jordmor og helsesjukepleiar har god kompetanse og kunnskap kring psykisk helse, rus og vald i nære relasjonar. Fokus på dette nivået er å fange opp moglege risikofaktorar tidleg og vurdere oppfølging, samt tilvise vidare ved behov.

Tenesta nyttar ulike verkøy jf. «Tidleg inn -program» for å kartleggje tema under svangerskap og barseltid. Eit døme på eit slikt verkøy er EDPS – spørreskjema for å vurdere mogleg depresjon under svangerskap og eventuelt etter fødsel. Scoren gjev grunnlag for å vurdere om det er behov for vidare oppfølging og utreiing hos fastlege og/eller andre instansar.

### Selektive tiltak

#### Helsestasjons- og skulehelsetenesta

På det selektive nivået har tenesta fokus på støtte til identifisering av/verbalisera kjensler og tankar. Her bistår ein med trøyst, omsorg, alminneleggjering og informasjon. Ofte treng barn og unge, samt føresette, støtte til å sortere kjensler og tankar, avdramatisere uro og finne eigne mål og tiltak for å avhjelpe situasjonen. Dei tilsette har mykje kunnskap på normalitet og korleis ein kan nytte denne kunnskapen til å avdempe uro, samt avdekke høve som krev ekstra oppfølging og støtte.

#### Barn som pårørande

Helsestasjons- og skulehelsetenesta har god kunnskap og kompetanse kring lovpålagt oppfølging av barn som pårørande. Tenesta nyttar gjeldande rutinar for kartlegging og oppfølging av barn og familiar som er i målgruppa.

Døme på tiltak:

- Informasjon om tema til familiar og samarbeidspartnarar (t.d. skule/barnehage)
- Kartlegging av behov hjå barn og familiar
- Støttesamtalar til barn og familiar
- Tilvise vidare ved behov

Fitjar kommune var med i eit prosjekt om barn som pårørnde i 2018, og har sidan 2020 vore deltakar i Ressursgruppa for Barn som pårørnde i Helse-Fonna området. Fitjar kommune har to barneansvarlege som koordinerar oppfølginga av familiar som har barn som pårørnde. Dette er eit viktig arbeid kor ein fange opp barn og unge som har utfordringar, som ikkje alltid er synlege for dei som er rundt.

## 2. Barnehagen

### Barnehagelova § 2 b Samarbeid og samordning

*«Barnehagen og pedagogisk-psykologisk teneste skal samarbeide med andre tenesteytere dersom samarbeid er nødvendig for å gi barnet et helhetlig og samordnet tenestetilbud. Dersom barnet har individuell plan etter annen lov og forskrift, skal barnehagen og pedagogisk-psykologisk teneste delta i samarbeid om utarbeidelse og oppfølging av tiltak og mål i den individuelle planen.*

*Kommunen skal samordne tenestetilbudet etter første ledd. Ved behov skal kommunen bestemme hvilken kommunal tenesteyter som skal ivareta samordningen. Dersom det er oppnevnt barnekoordinator etter helse- og omsorgstjenesteloven § 7-2 a, skal koordinatoren sørge for samordning av tenestetilbudet.*

*Barnehagen og pedagogisk-psykologisk teneste skal, i tillegg til å følge opp enkelte barn, samarbeide med andre tenesteytere slik at barnehagen, pedagogisk-psykologisk teneste og de andre tenesteyterne kan ivareta sine oppgaver etter lov og forskrift.*

*Med tenesteytere menes kommunale, fylkeskommunale og statlige tenesteytere, private tenesteytere som utfører oppgaver på vegne av slike tenesteytere, barnehager som får tilskudd etter barnehageloven § 19 og skoler som får statstilskudd etter friskolelova § 6-1.»*

Barnehagane er eit viktig arena for tidleg innsats og førebyggjande arbeid i kommunen. Tenesta har barn i alderen 10 mnd til 6 år, og i opptil 10 timar om dagen 225 dagar i året. Barnehagane si rolle er å tilby ei pedagogisk teneste kor barna får utvikla seg til å bli den beste versjonen av seg sjølv, i eit demokratisk samfunn med andre.

Barnehagen er tett på barnet gjennom dagen for på den måten å støtte og bygge barn opp til å handtere kvardagen på ein god måte. Bemanningsnorma i barnehagen set ein standard for kva som er krevd av vaksenressurs for å kunne vere tett på.

I barnehagen har ein ulike tiltak for å fange og følgje opp ei uro kring eit barn. Barnehagane kartlegg miljøet i barnehagen og analysere kva som kan påverke miljøet. Pedagogisk leiar har dialog med barn og føresette for å reflektere kva ein ser og tankar kring prosessen vidare.

Føresettesamarbeid er ein viktig nøkkel i arbeidet med å tidleg innsats og førebyggjande arbeid. Relasjon mellom barn – barn, barn – vaksen og vaksen – føresett er eit viktig fokusområde for alle barnehagane.

BTI rettleiaren er godt implementert som eit verktøy i arbeidet.

### 3. Opplæring

#### Opplæringslova § 15-8

«Skolen, skolefritidsordninga og pedagogisk-psykologisk teneste skal samarbeide med andre tenesteytarar dersom samarbeid er nødvendig for å gi eleven eit heilskapleg og samordna tenestetilbod. Dersom eleven har individuell plan etter anna lov og forskrift, skal skolen, skolefritidsordninga og pedagogisk-psykologisk teneste delta i samarbeid om utarbeiding og oppfølging av tiltak og mål i den individuelle planen.

Kommunen skal samordne tenestetilbodet etter første ledd. Ved behov skal kommunen bestemme kva for ein kommunal tenesteytar som skal vareta samordninga. Dersom det er oppnemnt barnekoordinator etter helse- og omsorgstjenesteloven § 7-2 a, skal koordinatoren sørge for samordning av tenestetilbodet.

Skolen, skolefritidsordninga og pedagogisk-psykologisk teneste skal, i tillegg til å følgje opp einskilde elevar, samarbeide med andre tenesteytarar slik at skolen, skolefritidsordninga, den pedagogisk-psykologiske tenesta og dei andre tenesteytarane kan vareta sine oppgåver etter lov og forskrift. Når det er nødvendig for å vareta ansvaret etter første til tredje ledd, kan dei samarbeidande tenestene behandle personopplysningar, inkludert personopplysningar som nemnde i personvernforordningen artikkel 9 og 10.

Med tenesteytarar er det her meint kommunale, fylkeskommunale og statlege tenesteytarar, private tenesteytarar som utfører oppgåver på vegner av ein slik tenesteytar, barnehagar som får tilskot etter barnehageloven § 19 og skolar som får statstilskot etter friskolelova § 6-1.»

#### 3.1 Skulen

Skulen sitt oppdrag er utdanning og danning, og handlar i kvardagen primært om fagleg opplæring, og om utvikling av elevane sosiale kompetanse.

I den faglege opplæringa har me fokus på tilpassa opplæring. INOP for elevar som ikkje har ønska/forventa progresjon i lesinga.

Skule-heimsamarbeid: utviklingssamtalar 2 gongar i året for alle. Tettare kontakt gjennom året ved behov, dersom me har ein uro for eleven eller for eleven si utvikling.

Helsesjukepleiar har faste dagar ved skulane i kommunen. Det er ulik ressurs pr skule ut i frå elevtal og ressursar hjå helsestasjons- og skulehelsetenesta.

I skulekvardagen legg me stor vekt på å utvikla gode relasjonar til elevane. Slik blir me godt kjent med dei, og dei med oss. Om me får uro for ein elev vil det ofte vera naturleg å snakka med eleven og føresette og undersøka kva som ligg bak. Dersom uroa held seg eller blir auka, vil me kopla på dei rette hjelpeinstansane for å undersøka uroa nærmare. Kven dèt er avhenger av kva uroa handlar om.

Me følgjer BTI-modellen når me kartlegg og når me evt jobbar vidare med tiltak.

Skulane har følgjande tiltak ved uro for barn og unge:

- Samtale med barn/unge, føresette, lærar/vaksen på skulen
- Sosillærar
- Rådgjevar
- Helsesjukepleiar
- BTI-modellen som verktøy for korleis me jobbar med uro.

### 3.2 SFO

SFO har fokus på det sosiale, trening av sosiale ferdigheiter, grenser m.m. På SFO har ein god tid til elevane både i strukturerte og ustrukturerte situasjonar.

SFO fekk hausten 2021 ein eigen rammeplan. Rammeplanen sett tydelege føringar for arbeidet på SFO når det gjeld førebyggjande og tidleg innsats.

*“SFO skal fremme barnas fysiske og psykiske helse og bidra til at de opplever glede og mestring. SFO skal støtte utviklingen av trygge og gode relasjonar barna imellom, mellom barna og personalet og mellom personalet og barnas føresette. SFO skal fremme inkludering og bidra til at alle barna har mulighet til å utvikle vennskap. Barna skal få støtte til å mestre motgang, håndtere utfordringer og bli kjent med egne og andres følelser.”*

Rammeplanen for SFO

SFO har samhandling med skulen og andre kommunale tenester kor dette er naturleg. BTI modellen er godt implementert og er rettesnor for arbeid dersom ein har ei undring kring ein elev på SFO.

SFO gjer også rettleiing til føresette om døme mat, grenser og åtferd.

### 3.3 Vidaregåande skule

Helsesjukepleiar og NAV-rådgjevar har faste dagar ved Fitjar vidaregåande skule, og samarbeidar tett med Ressursteamet ved skulen.

### 3.4 PPT / OT

Opplæringslova § 3-6 nytt andre ledd skal lyde:

*«Oppfølgingstenesta skal sikre tverretatleg samarbeid mellom kommunale, fylkeskommunale og statlege instansar som har ansvar for målgruppa, og formidle, eventuelt samordne, tilbod frå ulike instansar.»*

Målgruppa til PPT er born, ungdom og elevar som ikkje får dekkja behova sine innafor det allmennpedagogiske tilbodet i barnehagen eller ikkje får tilfredsstillande utbyte av det ordinære opplæringstilbodet i skule.

PPT skal også bistå barnehagar og skular i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling, såkalla systemarbeid.

## 4. Psykisk helse barn og unge

Psykisk helse gjev i utgangspunktet tilbod til vaksne over 18 år. Målgruppa er personar som slit med å fungera i kvardagen grunna psykiske vanskar. Målet er at kvar einiskild skal oppleve meistring og nytta eigne ressursar og å få eit meningsfylt liv. Psykisk helse er eit lågterskeltilbod, dvs. det er også mogleg å ta kontakt utan tilvising frå lege. Tenesta tilbyr individuelt tilpassa opplegg etter nærare vurdering. I nokre høve føl tenesta opp barn og unge under 18 år som er tilvist tenesta av fastlegar, BUP eller helsesjukepleiarane.

Tenesta har vorte bygd opp ved hjelp av statlege opptappingsmidlar, og har no 2 sjukepleiarar med vidareutdanning i psykisk helse som arbeider i tenesta, til saman 1.8 årsverk. Den eine sjukepleiareren er koordinator for tenesta og vedkomande har også ansvar for sakshandsaming, deltek i planarbeid og leiarmøter, samt ansvar for å følgje opp psykososialt kriseteam. Psykisk helse samarbeidar tett med ruskonsulentane, helsesjukepleiarane, heimetenesta, fastlegane, DPS og NAV.

## 5. Heimebaserte tenester

Kommunale helse og omsorgstenester - § 3-4 Kommunens plikt til samarbeid og samordning  
*«De kommunale helse- og omsorgstjenestene skal samarbeide med andre tjenesteytere dersom samarbeid er nødvendig for å gi pasienten eller brukeren et helhetlig og samordnet tjenestetilbud.*

*Kommunen skal samordne tjenestetilbudet etter første ledd. Ved behov skal kommunen bestemme hvilken kommunal tjenesteyter som skal ivareta samordningen. Dersom det er oppnevnt barnekoordinator etter § 7-2 a, skal barnekoordinatoren sørge for samordning av tjenestetilbudet.*

*De kommunale helse- og omsorgstjenestene skal, i tillegg til å følge opp enkelte pasienter eller brukere, samarbeide med andre tjenesteytere slik at de kommunale helse- og omsorgstjenestene og andre tjenesteytere kan ivareta sine oppgaver etter lov og forskrift.*

*Med tjenesteytere menes kommunale, fylkeskommunale og statlige tjenesteytere, private tjenesteytere som yter tjenester på vegne av slike tjenesteytere, barnehager som får tilskudd etter barnehageloven § 19 og skoler som får statstilskudd etter friskolelova § 6-1.»*

Heimebaserte tenester tilbyr helsetenester i heimen. Med fokus på barn og unge tilbyr heimebaserte tenester samtale med kreftsjukepleiar ved sjukdom i nær familie, svt barnebarn om det er eit ynske frå familiane. Det er ikkje berre kreft som utløyser slik samtale, det kan også vere andre sjukdommar som påverkar familiane som synleggjer eit behov.

Når heimebaserte tenester er i heimane gjer ein observasjon av om det er barn og unge involvert. Her vert det gjort ei vurdering med leiar om uroen skal takast vidare.

Heimebaserte tenester samarbeider tett med helsestasjonstenesta for råd og rettleiing og kreftsjukepleiar ved aktuell sjukdom.

## 6. Fysio- og ergoterapitenesta

Fysio- og ergoterapeutane yt tenester til alle aldersgrupper, og med varierte diagnoser. Dei kommunalt tilsette fysioterapeutane yt i hovudsak tenester til barn, funksjonshemma og eldre. Målsetjinga for tenesta er å hjelpe brukaren til best mogleg funksjon utifrå brukaren sin føresetnad,

samt gje god livskvalitet for den enkelte. Ergoterapeutane arbeider i forhold til å betra eller vedlikehalda brukaren si funksjonsevne og gjera det mogleg utifrå den enkelte sin føresetnader å vera sjølvhjelpen i kvardagen så langt det går an.

Førebyggjande, og kurativt arbeid i tenesta, som behandling i institusjon, og oppfølging av brukarar med store samansette behov vert i dag utført av alle fysioterapeutane i Fitjar kommune.

Fitjar kommune låner ut hjelpemiddel i akutte situasjonar/ - eller for kortare tidsrom. Ved varig behov for hjelpemiddel skal det søkjast til NAV hjelpemiddelsentral. Det er ergoterapeut og den kommunalt tilsette fysioterapeuten som søker og gjev rettleiing om hjelpemiddel.

## 7. Tildelarkontoret

Ved tildelarkontoret blir det henta inn opplysningar frå søkjar og utforma vedtak om kommunale pleie- og omsorgstenester. Vedtaka byggjer på IPLOS kartleggingar (statlege standardar på funksjonsnivå) som avdelingsleiarar er med på, og elles tverrfaglege vurderingar i koordinerande eining. Tildeling skjer ut frå tverrfaglege vurderingar. Kommunen har ei sakshandsamarstilling i staben til etat for helse- og omsorg. Denne tildelarfunksjonen er delt mellom sakshandsaming til vedtak på helse- og omsorgstenester og koordinerande eining.

## 8. Koordinerande eining

Koordinerande eining sine oppgåver er å:

- Koordinere tenester brukarane treng
- Ha oversyn over kva tenester som er tilgjengelege i Fitjar kommune og formidle tenester som er aktuelle
- Vera knutepunkt for samarbeid mellom instansar i og utanfor kommunen.
- Ta imot og gjera vedtak om individuell plan
- Tildele barnekoordinator, gjeld frå svangerskap/O år til og med når barnet fyller 18 år
- Tildele gjeld for alle aldersgruppe utifrå behov
- Opprette brukarkontakt

Dersom koordinerande eining (KE) får meldt inn behov anten munnleg eller skriftleg, tek ein kontakt med vedkommande eller pårørande og gjer ein kartleggingssamtale.

Når det gjeld tiltak kring barn og unge har koordinerande eining følgjande tiltak:

- Individuell plan og ansvarsgruppe er for alle aldersgrupper.
- Tenestemottakar må signere for utarbeiding av plan og skal vere ein aktivpart i utarbeiding av denne.
- Ansvarsgruppa kan gjennom individuell plan tilrå tiltak og tenester som krev ressursar, men det er tildelingskontoret som gjer endeleg vedtak og den enkelte tenesteeining som utfører og former tenesta i samsvar med eige regelverk.
- Den individuelle planen gir ikkje den enkelte brukar større rett til tenester enn det som fylgjer av lovgjeving på det aktuelle området.

## 9. NAV

*«Arbeids- og velferdsforvaltningen - § 15 a Samarbeid med andre offentlige organer og tjenesteytere  
«Kontoret skal samarbeide med andre offentlige organer og tjenesteytere dersom samarbeid er  
nødvendig for å gi brukeren et helhetlig og samordnet tjenestetilbud.*

*Kontoret skal, i tillegg til å følge opp enkelte brukere, samarbeide med andre offentlige organer og  
tjenesteytere, slik at kontoret og de andre tjenesteyterne kan ivareta sine oppgaver etter lov og  
forskrift.*

*Med tjenesteytere menes kommunale, fylkeskommunale og statlige tjenesteytere, private  
tjenesteytere som utfører oppgaver på vegne av slike tjenesteytere, barnehager som får tilskudd etter  
barnehageloven § 19 og skoler som får statstilskudd etter friskolelova § 6-1.»*

NAV skal bidra til å skapa eit inkluderande samfunn, eit inkluderande arbeidsliv og ein velfungerande  
arbeidsmarknad. Etaten skal ivareta vanskeligstilte grupper sitt behov og bekjempe fattigdom, bl.a.  
ved å stimulere til arbeid og deltaking. Etaten har òg ansvar for å sikra inntekt ved arbeidsløyse,  
svangerskap og fødsel, aleineomsorg for barn, sjukdom og skade, uførhet, alderdom og dødsfall.

NAV Fitjar skal tilby kartlegging av situasjonen til dei ein er i kontakt med, og kan tilby tett oppfølging  
både ift. økonomisk rettleiing, arbeidsretta oppfølging og anna. Nav skal alltid ha fokus på  
barneperspektivet når det er barn i familien til som er i kontakt med NAV. Dvs at ein skal ta høgde for  
at det er barn som blir påverka av situasjonen ift. f.eks vedtak som blir fatta, ein skal spørre  
vedkommande om korleis dei trur situasjonen deira påverkar barnet/barna, og ein skal sette dei i  
kontakt med andre hjelpeinstanser der ein ser at det er bruk for det. NAV har ikkje direkte kontakt  
med barn, men er ei viktig teneste i å avdekke familiar som har utfordringar som kan påverke barn og  
unge. Det er her tverrfagleg samhandling er viktig for å kunne gje barn og unge ei støttande hand  
dersom dei treng det.

NAV Fitjar har eit ungdomsteam som består av ungdoms koordinator, ungdomsrettleiar, miljørettleiar  
og ruskonsulentar. Dei jobbar tett på unge og unge vaksne som står langt frå arbeid og aktivitet, eller  
som står i fare for å havne der, for å hjelpe dei på vegen mot å bli trygge og sjølvstendige vaksne,  
som er sjølvforsørga.

## 10. Familievernkontoret

### §1 a Samarbeid og samordning

*«Familievernkontoret skal samarbeide med andre tjenesteytere dersom samarbeid er nødvendig for å  
gi brukeren et helhetlig og samordnet tjenestetilbud.*

*Kommunen skal samordne tjenestetilbudet etter første ledd. Ved behov skal kommunen bestemme  
hvilken kommunal tjenesteyter som skal ivareta samordningen. Dersom det er oppnevnt  
barnekoordinator etter helse- og omsorgstjenesteloven § 7-2 a, skal koordinatoren sørge for  
samordning av tjenestetilbudet.*

*Familievernkontoret skal, i tillegg til å følge opp enkelte brukere, samarbeide med andre tjenesteytere  
slik at familievernkontoret og de andre tjenesteyterne kan ivareta sine oppgaver etter lov og forskrift.  
Med tjenesteytere menes kommunale, fylkeskommunale og statlige tjenesteytere, private  
tjenesteytere som utfører oppgaver på vegne av slike tjenesteytere, barnehager som får tilskudd etter  
barnehageloven § 19 og skoler som får statstilskudd etter friskolelova § 6-1.»*

Familievernet tilbyr behandling og rådgjeving til alle som opplever vanskar, konflikhtar eller kriser i familien. Familievernkontoret tar imot einskildpersonar, par og familiar.

Familievernkontoret utfører også mekling, som er obligatorisk ved samlivsbrot for foreldre med felles barn under 16 år. Ordninga er etablert med omsyn til barna, og skal hjelpe foreldra å lage samværsavtale og etablere eit godt foreldresamarbeid for å ivareta barnas beste.

- Parterapi
- Mekling ved samlivsbrot
- Parsamtalar, familiesamtalar og individualsamtalar
- Samtaletilbod til barn
- Rettleiing til foreldre
- Kurs og grupper

Tiltak hos familievernkontoret krev inga tilvising. Fitjar kommune har interkommunalt familievern.

## 11. Barnevernet

Barneverntenesta skal sikra at barn og unge som lev under tilhøve som kan skada deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Tenesta skal også medverka til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.

Arbeidet i barneverntenesta er regulert av "[Lov om barnevern](#)" i tillegg til rundskriv og retningsliner knytt til lova.

Barneverntenesta vurderer om det skal setjast i verk undersøking etter bekymringsmelding frå til dømes føresette, barnet sjølv, annan familie, helsestasjon, barnehage, skule, sjukehus, politi og NAV. Når undersøkinga viser at barn på grunn av forholda i heimen eller av andre grunnar har særlege behov, skal det tilbys hjelpetiltak til barnet og familien. Hjelpetiltaka skal ha barnet sitt beste som målsetjing. Dei aller fleste barn barneverntenesta er i kontakt med mottek friviljuge hjelpetiltak medan dei bur hos foreldra sine. Alle hjelpetiltak skal evaluerast med jamne mellomrom. Målet er at familien skal få god nok hjelp til at barnet kan veksa opp hos foreldra sine utan tiltak frå barneverntenesta.

Familien får ein fast kontaktperson i barneverntenesta ut frå barnet sin alder, og det vert laga ein tiltaksplan for barnet/ ungdommen. Barnet og foreldra skal få medverke og påverke utarbeidinga og evalueringa av tiltaksplanen. Barneverntenesta skal vurdere om tiltaka fører til endring. Formålet med hjelpetiltaka er å bidra med positiv utvikling for barnet og familien, styrke føresette i føresetterolla, og hjelpe barn i risiko.

Hjelpetiltak kan vere besøksheim, føresetterettleiing, familiesamtalar, nettverksmøter, samarbeid med andre instansar, barne-/ungdomssamtalar, fritidskontakt, miljøarbeidar i heimen mm.

Barnevernet skal og driva førebyggjande samarbeid med andre tenester og frivillige organisasjonar.

## 12. Kriesesenteret IKS Vest

Kriesesenter Vest har 17 eigarkommunar, og har avdeling i Haugesund og på Stord. Dette er eit tilbod til innbyggjarar som er utsett for vald eller trugslar om vald i nære relasjonar. Kriesesenteret gjev tilbod til kvinner, barn, menn og LHBT-personar (lesbiske, homofile, bifilie og transkjønna personar), både i form av ein trygg stad og bu, eit dagtilbod eller for samtalar og støtte. Alle som har behov for det kan kontakta kriesesenteret, tilvising er ikkje naudsynt, og alle tenester er gratis.

## 13. SLT koordinator

Målet er at barn og unge i kommunen skal få rett hjelp til rett tid av eit hjelpeapparat som samarbeidar godt på tvers av einingar og faggrupper. Rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeid er ein sentral del av folkehelsearbeidet og det førebyggjande arbeidet for barn og unge. SLT-modellen skal sørgje for å koordinere kunnskap og ressursar mellom politi og relevante kommunale einingar, men også føresette, næringsliv og frivillige lag og organisasjonar.


## 14. Politi

Førebyggjande eining i politiet kan gje hjelp, råd og rettleiing dersom ein har uro knytt til dømes rus, kriminalitet, vald og digitale utfordringar, for einskildpersonar og grupper. Politiet driv med opplysningsarbeid på ulike tema for barnehagar, skular, lag og organisasjonar, næringsliv etc.

## «Foreldrestøtte 0 – 16 år»

<b>Namn på utviklingsprosjekt</b>	Foreldrestøtte 0 – 16 år
<b>Kommune</b>	Fitjar kommune
<b>Prosjektleder</b>	Mone Nilsen, rådgjevar oppvekst
<b>Prosjektgruppa</b>	Rådgjevar oppvekst Leiande helsesjukepleiar Rettleiar NAV vidaregåande SLT koordinator Skuleleiar Rimbareid Barn og unges helsearbeidar DUÅ rettleiar barnehage DUÅ rettleiar skule Barnevernstenesten Familieterapeut Kommunepsykolog

- barn lærer hele tiden,  
planlagt og uplanlagt



### Bakgrunn

Fitjar kommune har gjennom ulike arena fått tilbakemelding om behov for meir systemretta foreldrerettleiing.

Våren 2021 deltok Fitjar kommune på UngData og UngData junior. Her kom det fram ulike utfordringar i barn og unge sine liv. Me hadde brei deltaking på undersøkinga, og over 90% deltaking, så me anser svara som representative for våre barn og unge.

UngData junior:

- Høg grad av skjermbruk sett opp mot resten av landet
- Opplevd negative hendingar på nett
- Halvparten rapportere at dei ikkje er nøgd med den dei er og likar seg sjølv.
- Problem med å sove
- Dersom eg har problem ville eg snakka med foreldra mine og vener

### Ung Data:

- Høg grad av skjermbruk sett opp mot resten av landet
- Opplevd hovudverk og fysiske plagar
- Endring i bruk av rusmidlar og alkohol
- Deltaking i regelbrot ligg høgare enn nasjonale tal
- Einsemd og uroe seg for ting
- Dersom eg har problem ville eg snakka med foreldra mine og vener

Ungdomane svarar sjølv av føresette er ein viktig del av deira kvardag og at dei har tillit til foreldra.


Å styrkje og støtte foreldra og foreldrerolla er eit tiltak som Fitjar kommune har eit forbettringspotensiale i, og med ei omorganisering og kompetanseheving vil ein kunne prøve ut nye tiltak frå -9 månadar til ungdomstida.

Kommunen har per i dag foreldrerettleiing gjennom svangerskapskontrollar, helsekontrollar, foreldremøte i barnehage og skule. Men utviklinga i samfunnet, og utfordringar i barn og unges liv visar at det er behov for tettare oppfølging av føresette i rolle som foreldre for barn og unge. Kommunen har gjennom ulike medverknadsundersøkingar fått tilbakemelding på at det er eit ynske og behov for meir rettleiing på ulike arena.

### Svar frå føresette på medverknadsundersøkinga:

8. Alle foreldre kan kjenne seg rådlause iblant. Dersom du skulle trenge hjelp og støtte som forelder/føresett, kva type tenestetilbod kunne du tenke deg?


Foreldrerettleiing (oppdraging...	98
Aktivitetskalender (digital kale...	117
Familievernkontoret / Mekling...	29
Alternativ til vald	0
Ruskonsulent	5
Kommunepsykolog	48
Lågterskeltilbod psykisk helse ...	31
Foreldregrupper (samtale om ...	31
Støttetelefon	14
Nettverk/støttefamilie ("fadde...	11
Sinnemeistring for foreldre	12
Økonomisk bistand	22
Miljøterapeut for rettleiing og ...	11
Foreldrekurs	42
Utekontakt	22
Meistringsteam / miljøterapeu...	18
Ferieskule med aktivitetar	58
Anna	5



I tillegg ser ein at elevane sjølv seier at familie er den dei vil gå til dersom dei skulle trenge hjelp å støtte:


4. Dersom du skulle trenge støtte eller hjelp, kven hadde det vore naturleg for deg å kontakte?

● Familie	55
● Vener	52
● Lærer	5
● Rektor	1
● Sosialrådgjevar	3
● Helsestasjon/skulehelsestenesta	11
● Barneverntenesta	1
● Kontaktperson dersom du har ...	3
● Fastlege	4
● SLT koordinator	0
● Ruskonsulent: kontaktperson ...	0
● Ungdomskoordinator i NAV	1
● Politikontakten	4
● Dersom det er andre personar...	0
● Anna	6



Tenestene våre ser også at mykje av utfordringsbilete ligg i at me må ruste våre føresette til å være dei «kjipe», tørre å stå i grensesetting, vere trygge på at dei gjere det rette med å vere autoritative vaksne og kvifor det er viktig å vere forelder og ikkje besteven.

Med trygge foreldre meiner me i Fitjar kommune at våre barn og unge vil kunne få eit betre liv, psykisk og fysisk, og ha eit best mogleg utgangspunkt for deltaking i utdanning- og arbeidslivet.




**1/3**

av ungdommene som står utenfor skole og arbeidsliv har vokst opp i en familie med lav inntekt


Det er også viktig å bryte mønster som det visar seg at går i arv. Barn og unge som veks opp i ein familie med låg inntekt har større sannsyn til å hamne i same mønster som sine foreldre. Med god foreldrerettleiing frå svangerskap til ungdomstid, tenkjer teneste i Fitjar kommune at barn og unge kan gå ei framtid i møte som gjer godt utgangspunkt for utdanning og deltaking i arbeidslivet som vaksne.

Foreldrerettleiing på universelt nivå er ein viktig faktor for å syne at alle treng rettleiing på ein eller



anna måte, og det er viktig å vere delaktig. Me ser at det å sjå at alle føresette treng i periodar støtte og at det er normalt vil vere ei viktig haldning å utvikle, både hjå føresette, men også i tenestene.

I arbeid med implementering av barnevernsreforma ynskjer Fitjar kommune fokus på det universelle nivået av førebygging av åtferdsvanskar og omsorgssvikt, sjå figur under:



**Figur 12** Forebygging illustrert ved gul og grønn sirkel. Barnevernstjenestens hjelpetiltak og indikert hjelp fra andre velferdstjenester er illustrert ved rød sirkel.

### Hovudmål

Foreldrestøtte skal vere eit universelt tilbod til alle føresette i Fitjar kommune, samt eit spesielt tilbod til dei som treng ekstra støtte og rettleiing. På denne måte vil barn og unge har føresette som har best mogleg utgangspunkt for å vere autoritative vaksne i møte med egne barn.

Fitjar kommune har i forbindelse med arbeid med oppvekstreforma formulert ulike tiltak som skal iverksetjast for å imøtekomme barn og unge og deira føresette. Tiltak som er planlagt gjennomført:

- Opprette samarbeid på «De utrolige årene» med RKBU
- Kompetanseheve helsesjukepleiarane våre i Circle of Security (COS-Parenting)

Bakgrunnen for dette er at våre tenester i interkommunalt barnevern og Helse Fonna BUP nyttar desse to programma som rettleiing for barn og unge, og deira føresette i sitt arbeid. Då vil me ha eit felles profesjonsspråk og eit felles språk i arbeid med brukarane våre.

### DUÅ

De Utrolige Årene (DUÅ) er ein tiltaksserie med åtte ulike program som finansierast av HelseDirektoratet. Målgruppa er barn i alderen 0 – 12 år.

Overordna mål med tiltaka er:

«..FREMJE BARNES PSYKISKE HELSE VIA Å TRYGGJE FØRESETTE I FORELDREROLLA, STYRKE BARNES SOSIALE-, EMOSJONELLE- OG PROBLEMLØYSINGSFERDIGHEITER, OG Å FØREBYGGJE OG BEHANDLE ÅTFERDSVANSKAR.»

DUÅ har program med modular som dekker både universalførebyggjande, målretta førebyggjande-, indikerte- og behandlingstiltak for målgruppa. Programma kan nyttast kvar for seg, men dei kan også sjåast i ein samanheng i det førebyggjande arbeidet i kommunen.

I Fitjar kommune ynskjer ein fokus på:

- DUÅ skule- og barnehageprogrammet
- DUÅ dinosauruskulen

I tillegg har BUP DUÅ som behandlingsmetode i sitt forløp for barn og unge med åtferdsvanskar.

DUÅ skule- og barnehageprogrammet har følgjande element i seg:


- Relasjonsbygging, pro-aktive vaksne
- Merksemd, ros, oppmuntring og coaching
- Motivasjonssystem
- Å handtere vanskeleg åtferd; avleie og overse
- Reduksjon av negativ åtferd ved bruk av naturlege og arrangerte konsekvensar
- Emosjonell regulering, sosiale ferdigheiter og trening i problemløysing

Dette er ferdigheiter som me ynskjer at alle føresette i Fitjar kommune skal ha kompetanse på.

## De Utrolige Årenes skole- og barnehageprogram

[www.deutroligearene.no](http://www.deutroligearene.no)

Lærepyramiden



Dinosauruskulen har fokus på universalførebyggjande tiltak for heile klassar, SFO og/eller barnehageavdelingar. Desse samlingane vil inngå i det ordinære tilbodet og er 1-3 samlingar i veka. Saman med foreldregruppe kan dette vere eit veldig bra opplegg for å danne gode samtalar heime, og gje føresette støtte i det arbeidet dei skal gjere på heimebane.

Måla med dinosauruskulen er:

- Styrke barna sin emosjonelle og sosiale kompetanse
- Styrke barna sitt sjølvbilete og oppleving av meistring
- Styrke barna si sjølhending

- Fremje sosial samhandling mellom barna
- Auka samarbeid mellom barn og vaksen
- Redusere verbal og fysisk aggresjon

### **COS-Parenting**

COS-P er eit tiltak som rettar seg mot trygg tilknytning mellom foreldre og barn 0 – 6 år. Tiltaket er eit universalførebyggjande tiltak som kan nyttast i helsestasjonstenesta, skulehelsetenesta eller i barnehagar. I Fitjar kommune ynskjer me å ha kompetansen hjå tilsette i helsestasjonstenesta, med eit samarbeid med barnehage og skule for å gje tilbodet der det er behov, i grupper eller individuelt.

COS-P har som hensikt å lære føresette kva barn treng for å utvikle trygg tilknytning, og å hjelpe føresette å bli medvitne egne utfordringar i å imøtekomme barna sitt tilknytingsbehov.

Fokusområde er:

- COS sirkelen knytt til barn og føresette sitt daglegliv
- Barn sitt emosjonelle behov og korleis dei vaksne kan møte dette
- Emosjonsregulering
- Tolking av barns uttrykk
- «Reparere» negative samspelssekvensar

Sunnhordland interkommunale barnevern har COS-I som tiltak i deira teneste på indikativt nivå.

Sjå framdriftsplan for korleis me ynskjer å nytte foreldrereettleiing i vårt førebyggjande arbeid.

Planen er eit levande dokument og vil endre seg etter evaluering og potensiell justering av innhald og tiltak. Slik planen ligg føre per i dag er det eit forslag til framdrift for å sikre god implementering og kompetanseheving av tilsette og nye tilsette i perioden.

# Prosjektplan for førebyggjande innsats Fitjar kommune

## «Førebyggjande tiltaksteam»

<b>Namn på utviklingsprosjekt</b>	Førebyggjande tiltaksteam barn og unges psykiske helse
<b>Kommune</b>	Fitjar kommune
<b>Prosjektleder</b>	Mone Nilsen, rådgjevar oppvekst
<b>Styringsgruppa til prosjekt</b>	Etatssjef oppvekst og kultur Etatssjef helse og sosial Leiar barnevernstenesta Leiar helsestasjonstenesta Rådgjevar oppvekst
<b>Prosjektgruppa</b>	Rådgjevar oppvekst Leiande helsesjukepleiar Rettleiar NAV vidaregåande SLT koordinator Skuleleiar Rimbareid SFO leiar Psykisk helsearbeidar Stord Interkommunale barnevern

### Bakgrunn for prosjektet:

Fitjar kommune er ein liten kommune med ca 3.200 innbyggjarar. Me har 5 barnehagar, 2 fådelt skular og ein barne-/ungdomsskule.

Fitjar kommune deltok for første gong med UngData junior våren 2021. Her kom det fram ulike utfordringar i barn og unge sine liv, som dei sjølv gjer uttrykk for. Fitjar kommune hadde høg grad av deltaking på UngData junior og UngData, over 90% av elevane deltok. Så tala er representative for våre barn og unge.

#### UngData junior:


- Høg grad av skjermbruk sett opp mot resten av landet
- Opplevd negative hendingar på nett
- Halvparten rapportere at dei ikkje er nøgd med den dei er og likar seg sjølv.
- Problem med å sove

#### Ung Data:

- Høg grad av skjermbruk sett opp mot resten av landet
- Opplevd hovudverk og fysiske plagar
- Endring i bruk av rusmidlar og alkohol
- Deltaking i regelbrot ligg høgare enn nasjonale tal
- Einsemd og uroe seg for ting

Det har vore prøvd ut ulike tiltak som me ikkje ser har hatt ein langvarig effekt. Men har gjeve noko hjelp der og då.

I arbeid med ny oppvekstreform (barnevernsreform) har kommunen hatt brei medverknad for tenestene som arbeider med barn og unge, barn og unge sjølv, føresette og tilsette i skule og barnehage. Det som opplevast er at kommunen sitt førebyggjande arbeid ikkje er godt nok rigga i det kommunale systemet frå ei uro vert oppdaga, arbeid i skule/barnehage/helse før det evt vert tilvist til andre tenester på selektivt og indikativt nivå. Sjå figur.



**Figur 12** Forebygging illustrert ved gul og grønn sirkel. Barnevernstjenestens hjelpetiltak og indikert hjelp fra andre velferdstjenester er illustrert ved rød sirkel.

Dei barna som treng tettare oppfølging og vert tilvist til døme BUP får ofte avslag grunna at utfordringane skal løysast på det kommunale nivået. Ofte oppleve ein at det ikkje er eksisterande tilbod i vår kommune ihht til det avslaget kommentere som andre kommunar har. Kommunen oppleve at mindre kommunar har stort press på seg til å ha førebyggjande tiltak som ikkje er tilrettelagt per i dag grunna disponible ressursar og tenester.

Våren 2022 hadde arbeidsgruppa til oppvekstreforma ute ein medverknadsundersøking for:


- Barn og unge 13 – 18 år
- Føresette med barn 0 – 18 år
- Tilsette i tenestene skule, helse, barnehage

Resultatet som kom inn synte at det var eit behov for ei teneste med utgangspunkt i psykisk helse. Dette kom fram både blant barn og unge, føresette og tilsette i kommunen.

### Svar frå barn og unge:

#### 3. Kva for tema skulle du ønskje at vi hadde ekstra fokus på i tenestetilbodet til barn og unge?


● Psykisk helse	41
● Foreldrerettleiing: Forstå barn...	12
● Avhengigheit (speling, rus)	22
● Nettvett, skjermtid	15
● Sosiale relasjonar, vener	19
● Skulevegving	9
● Mobbing	33
● Sinnemeistring	20
● Fysisk helse (kosthald, søvn, fy...	34
● Støtte til å ta egne val, og setj...	32
● Anna	6



### Svar frå føresette:


#### 6. Kva for tema skulle du ønskje at vi hadde ekstra fokus på i tenestetilbodet til barn og unge?

● Psykisk helse	108
● Foreldrerettleiing barnets åtfe...	56
● Avhengigheit (speling, rus)	48
● Nettvett	105
● Foreldrerettleiing følelsar og e...	57
● Sosiale relasjonar, vener	98
● Skulevegving	36
● Mobbing	90
● Sinnemeistring	29
● Foreldrerettleiing samspel me...	37
● Barnet si utvikling	26
● Fysisk helse (kosthald, søvn, fy...	75
● Skjermtid	67
● Organisert foreldrenettverk	36
● Grensesetting	51
● Anna	6



9. Kva for tema skulle du ønskje at vi hadde ekstra fokus på i tenestetilbodet til deg som foreldre/føresett?

● Svangerskap	27
● Psykisk helse	83
● Voldsproblematikk/Alternativ ...	5
● Oppdragelse	43
● Grensesetting	55
● Følelsar og emosjonar	68
● Relasjonar	33
● Rus	20
● Økonomi	23
● Foreldrerolla	54
● Foreldrekonflikt	8
● "Mine, dine, våre barn" (Famili...	21
● Samspill med barnet	49
● Bustadsituasjon og arbeid	12
● Manglande/lite nettverk	32
● Kva familie og nettverk kan bi...	13
● Sinnemeistring	16
● Fysisk helse	29
● Kultur/integrering - foreldrero...	5
● Anna	11



I arbeidet med oppvekstreforma har det vore prosess på omorganisering av tenestetilbodet og behovet for nye tiltak som kommunen ikkje har per i dag. Førebyggjande team er ein av tiltaka med ynskjer å utvikle i vår kommune.

Førebyggjande team skal bestå av eksisterande stillingar kommunen har per i dag, men også stillingar som kommunen ikkje har per i dag, og som heller ikkje er lovpålagt.

## Hovudmål

Kommunen ynskjer å opprette eit førebyggjande team for barn og unges psykiske helse som skal ivareta førebyggjande innsats mellom skule/barnehage/helse og tenestene som går ut over det kommunale tilbodet.

Målgruppa er barn og unge i alderen 0 – 18 år. Fokus i teamet er retta mot barn og unge sin livssituasjon, ressursar og moglegheiter og sjå på moglege løysingar saman med dei det gjeld.

### Målet er:

Gje barn og unge rett hjelp til rett tid. Vere eit bindeledd mellom dei kommunale teneste, skule, barnehage og helsestasjonstenesta, og gje eit anna, spissa tilbod som me ser at kommunen ikkje klarar å utøve per i dag med dagens organisering og ressursar.

Dette tilbodet skal vere eit tilbod som skal vere:

- Av kort varigheit
- Tverrfagleg samansett
- Koordinere innsatsen kring barnet og familien
- Sjå 24 timers menneske
- Ha god kunnskap om det kommunale tenestetilbodet og sikre at barnet får rett hjelp til rett tid

Teamet skal bestå av følgjande stillingar:

- DUÅ gruppeleiarar for barnehage og skule
- Helsesjukepleiar med COS-Parenting
- Barn og unges psykisk helsearbeidar
- Kommunepsykolog
- Familieterapeut
- SLT koordinator

Tilbodet er retta mot familiar som har uro knytt til psykisk helse, sosiale utfordringar, utvikling og konflikthar. Teamet tilbyr individuelle samtalar, familiesamtalar og foreldrerettleiing. I tillegg skal teamet kunne rettleie tilsette i barnehagar, skular og andre tilsette som arbeidar med barn, unge og føresette i vår kommune.

### **Søknad**

For å få tenesta må familien, gjerne i samråd med skule, barnehage eller helse dersom dei er inne, sende ein søknad til kommunen. Søknaden vert behandla i førebyggjande tiltaksteam, og saksbehandlingstida skal vere 2-3 veker. Når søknaden er behandla vert familien kopla på teamet og ein set umiddelbart i gong med samtalar og kartlegging. Teamet skal jobba effektivt inn mot dei som får tilbodet, og det skal vere som nemnt over av kort varigheit. Med dette definere me 2-6 månadar. Basert på innsatsen til teamet og effekt av tiltak vert det vurdert om familien får positiv utvikling, eller om ein treng andre instansar inne. Dersom ein treng andre instansar inne vil det verte utarbeida ein rapport på tiltak, evaluering av tiltak og vurderinga som verte gjort for tilvising vidare. På den måten får familien ei god grunngjeving på effekten av kommunale tiltak, og stadfesting på kva som er årsaka til vidare tilvising.

## **Samhandlingsforum**

I tillegg til førebyggjande tiltaksteam skal kommunen opprette eit samhandlingsforum. Samhandlingsforumet skal behandle tema som tenestene kring barn og unge melder inn. Dette skal vere på tema nivå, og ikkje individnivå. Samhandlingsforumet skal ut frå innmelde saker gje råd og rettleiing på systemnivå, samt opprette tilbod om kompetanseheving ut frå saker som vert meld inn.

Samhandlingsforumet skal bestå av:

Jordmor, helsestasjonstenesta, barnehage, skule, SFO, NAV, barnevern, barnekoordinator, koordinerande eining, SLT, vidaregåande skule, leiar for ungdomsråd, DUÅ rettleiarar skule og barnehage

## **Suksessfaktor**

Barn og unge med uro får rett hjelp til rett tid av tverrfagleg tiltaksteam. Tenestene som treng å involverast vert tidleg identifisert og ein skal gje eit spissa tilbod så tidleg som mogleg.

## Framdriftsplan 2023 – 2026

Periode	Innhald	Ansvarleg
<b>Desember 2022</b>	Plan for oppvekstreform vert godkjend i kommunestyret – tiltaket med førebyggjande team vert ein del av kommunen si satsing på førebyggjande arbeid.	Etatssjef for helse og sosial, samt rådgjevar oppvekst
<b>Vår 2023</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Opprette førebyggjande tiltaksteam</li> <li>- Rutine for arbeidet</li> <li>- Søknadsskjema for å motta tilbodet</li> <li>- Gjere tiltaket kjend for ungdomsråd</li> </ul>	Styringsgruppa
<b>Mai – april 2023</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Opprette samhandlingsforum</li> <li>- Rutine for samhandlingsforum</li> <li>- Gjere tiltaket kjend i skule, barnehage og helse, samt andre relevante tenester i kommunen.</li> </ul>	Prosjektgruppa og styringsgruppa
<b>Haust 2023</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Førebyggjande tiltaksteam er på plass.</li> <li>- Tenestetilbodet vert gjort kjend i kommunen.</li> <li>- Bli-kjend runde på alle skular og barnehagar</li> </ul>	Prosjektgruppa og leiar for tiltaksteam
<b>September – desember</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Arbeide inn mot barn og unge</li> <li>- Inn i klassar på skulane</li> <li>- Delta på personalmøte i barnehage, skule og helse</li> <li>- Delta på foreldremøte i skule og barnehage</li> </ul>	Leiar for tiltaksteam
<b>Okt. og des. 2023</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Møte i samhandlingsforum</li> </ul>	Prosjektgruppa
<b>Januar 2024</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Evaluering av rutinar og arbeidet gjennomført av tiltaksteam.</li> <li>- Justering av rutine</li> </ul>	Styringsgruppa, prosjektgruppa og tiltaksteam
<b>Januar - juni</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vidare arbeid med barn og unge</li> <li>- Delta på ungdomsråd for innspel på tiltaket og effekt</li> <li>- Delta på utviklingstid i helse, barnehage og skule</li> </ul>	Tiltaksteam
<b>Feb. og mai 2024</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Møte i samhandlingsforum</li> </ul>	Prosjektgruppa
<b>Juni</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Evaluering av gjennomført skule-/barnehageår</li> <li>- Behov for justeringar</li> <li>- Plan for skuleår 2024/2025</li> <li>- Fokusområde</li> <li>- Behov for kompetanseheving</li> </ul>	Prosjektgruppa og tiltaksteam
<b>Aug. – des. 2024</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Arbeide inn mot barn og unge</li> <li>- Inn i klassar på skulane</li> <li>- Delta på personalmøte i barnehage, skule og helse</li> <li>- Delta på foreldremøte i skule og barnehage</li> </ul>	Tiltaksteam og prosjektgruppe

<b>Okt. og des. 2024</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Møte samhandlingsforum</li> </ul>	Prosjektgruppa
<b>Januar 2025</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Evaluering av rutinar og arbeidet gjennomført av tiltaksteam.</li> <li>- Justering av rutine</li> </ul>	Styringsgruppa, prosjektgruppa og tiltaksteam
<b>Januar - juni</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vidare arbeid med barn og unge</li> <li>- Delta på ungdomsråd for innspel på tiltaket og effekt</li> <li>- Delta på utviklingstid i helse, barnehage og skule</li> </ul>	Tiltaksteam
<b>Februar og mai 2025</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Møte i samhandlingsforum</li> </ul>	Prosjektgruppa
<b>Juni</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Evaluering av gjennomført skule-/barnehageår</li> <li>- Behov for justeringar</li> <li>- Plan for skuleår 2025/2026</li> <li>- Fokusområde</li> <li>- Behov for kompetanseheving</li> </ul>	Prosjektgruppa og tiltaksteam
<b>Aug. – des. 2025</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Arbeide inn mot barn og unge</li> <li>- Inn i klassar på skulane</li> <li>- Delta på personalmøte i barnehage, skule og helse</li> <li>- Delta på foreldremøte i skule og barnehage</li> </ul>	Tiltaksteam og prosjektgruppe
<b>September – november 2025</b>	<p>Evaluering av arbeidet til:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Førebyggjande tiltaksteam</li> <li>- Samhandlingsforum</li> </ul> <p>Brukarundersøking for:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Føresette</li> <li>- Barn og unge</li> <li>- Tilsette</li> </ul> <p>Presenterast for kommunestyret som ei evaluering av ordninga og effekten førebyggjande tiltaksteam har hatt for barn, unge og føresette.</p>	Styringsgruppa og prosjektgruppa
<b>Okt. 2025</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Møt samhandlingsforum</li> </ul>	Prosjektgruppa
<b>Januar 2026</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjennomgang av brukarundersøking</li> <li>- Evaluering av rutinar og arbeidet gjennomført av tiltaksteam.</li> <li>- Justering av rutine</li> </ul>	Styringsgruppa, prosjektgruppa og tiltaksteam
<b>Januar - juni 2026</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vidare arbeid med barn og unge</li> <li>- Delta på ungdomsråd for innspel på tiltaket og effekt</li> <li>- Delta på utviklingstid i helse, barnehage og skule</li> </ul>	Tiltaksteam
<b>Feb. og mai 2026</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Møte i samhandlingsforum</li> </ul>	Prosjektgruppa
<b>Juni 2026</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Evaluering av gjennomført skule-/barnehageår</li> <li>- Behov for justeringar</li> <li>- Plan for skuleår 2025/2026</li> <li>- Fokusområde</li> <li>- Behov for kompetanseheving</li> </ul>	Prosjektgruppa og tiltaksteam